



GLOPPENMODELLEN

Ein fagutdanningsmodell

RETTLEIAR



Foto: Anette Aske Sollid



Foto: Ann Iren Festervoll



INNHALD

1. Om modellen	4	5. Inntak	18
1.1 Bakgrunnen for modellen	4	5.1 Erfaringar	18
1.2 Målgruppe	5	5.2 Utprøvningspraksis og hospitering på skule	19
1.3 Søkjarar under 25 år	6	5.3 Samtale og intervju	20
1.4 Utviding til fleire fagutdanningar	6	5.4 Inntaksteam	20
1.5 Kvifor ein rettleiar?	7	5.5 Søknad tildeling og inntak	22
2. Tilpassing av modellen til nye strukturar, regelverk og strategiar	8	6. Organisering av praksis og tilrettelegging av undervisning	24
2.1 Ny integreringslov	8	6.1 Erfaringar	24
2.2 Nye læreplanar - tverrfaglege tema og yrkesretting	8	6.2 Programfag og fellesfag	26
3. Samarbeid i Gloppenmodellen	10	6.3 Fordeling mellom praksis og undervisning	28
3.1 Erfaringar	10	6.4 Manglande språkkunnskap	29
3.2 Samarbeidsmodell og ansvar	11	6.5 Praksis	30
3.3 Finansiering	13	6.6 Praktisk tilrettelegging	31
3.4 Livsopphaldsytingar	14	7. Digital undervisning	32
4. Oppstart ny klasse/ kull	15	7.1 Erfaringar	32
4.1 Erfaringar	15	7.2 Digital undervisning som ein del av praktisk tilrettelegging	33
4.2 Behovskartlegging	16	8. Ansvar i læretida	34
4.3 Informasjon	16	8.1 Erfaringar	35
4.4 Avtale med arbeidsgjevar om praksis- og læreplassar	17	8.2 Utarbeiding av lærekontrakt	35
		8.3 Fordeling av læringar	36
		8.4 Finansiering av læretid	36
		9. Brukarstyrt evaluering	36
		9.1 Innhenting av tall og statistikk	36
		9.2 Brukarmedverknad	37
		9.3 Ulike former for brukarmedverknad	37
		9.4 Korleis bruke evalueringa i vidareutvikling av modellen?	38

ISBN: 978-82-692726-1-1



1. Om modellen

Gloppen kommune har i mange år vore ei relativt stor mottakskommune for flyktningar. "Gloppenmodellen" vart ei nemning på ein fagutdanningsmodell for minoritetsspråklege som starta i Gloppen kommune hausten 2013. Utdanninga kombinerer teori og praksis frå fyrste studieår (vekslingsmodell). Det vert lagt stor vekt på språktrening i praksis. Målet var å sikre vaksne minoritetsspråklege fagbrev innan helsefag ved å snu opp ned på den tradisjonelle fagutdanninga både når det gjaldt samarbeid, finansiering og gjennomføring. I utforminga av "Gloppenmodellen" blei både regelverk, samarbeidsrelasjonar og tradisjonell fagutdanning utfordra.

Ein av fleire suksessfaktorar har vore at deltakarane er sikra lærlingplass frå dei starta på skule. Dette forutset at dei er eigna og at dei fyller vilkåra for å kunne få lærlingplass. Dette er viktig motivasjon for å jobbe godt gjennom utdanninga. Samarbeid på tvers av nivå og sektor, saman med sikra læreplass er bærande element i modellen. Det er difor viktig med klare samarbeidsavtaler og god kommunikasjon.

1.1 Bakgrunnen for modellen

Første klassa etter Gloppenmodellen starta hausten 2013. Kommunen og NAV hadde jobba over tid for å finne ein god måte å kvalifisere minoritetsspråklege vaksne til arbeid. Det var eit felles ønskje å få til eit løp der dei som er rusta til det, kan kome tidleg i gang med vidaregåande opplæring, helst innan ramma for introduksjonsprogrammet. Kommunen opplevde at mange minoritetsspråklege vaksne var utolmodige etter å kvalifisere seg til ein jobb. Når dei måtte gå på norskopplæring over lang tid, mista dei mykje av motivasjonen. I tillegg auka arbeidsløysa i gruppa. Mange mangla utdanning frå heimlandet, eller hadde utdanning på ulike nivå som ikkje vart godkjent i Noreg. Om utdanninga derimot vart godkjent var det likevel vanskeleg å få fast og stabil jobb. Det var og vanskeleg for mange å komme inn på, og gjennomføre ei fagutdanning i ordinært vidaregåande løp. Minoritetsspråklege vaksne er ei gruppe som ikkje er så mobile grunna alder, barn, livssituasjon og ofte manglande førarkort. Det vart sett som viktig at vaksne får eit tilbod om å ta ei utdanning i regionen der dei bur. Det er og viktig at denne utdanninga stemmer med behovet i arbeidsmarknaden lokalt og regionalt slik at det er mogleg å få jobb etter avslutta utdanning.

«Den samla vurderinga for kommunen er at dette er ei investering i framtida. Dei som får utdanning vil mest truleg kunne kome i arbeid og ta økonomisk ansvar for seg sjølv og familien med alle dei positive verknadane dette har for involverte parter. Det er ei satsing som har medført god integrering i lokalsamfunnet. Det er også ei viktig satsing for å rekruttere helsefagarbeidarar til sektoren. Vi skal erstatte svært mange fagarbeidarar dei neste 10 åra grunna pensjonsalder.»

Anita Eide Lothe
sakshandsamar/rådgjevar
Helse og omsorg, Gloppen kommune

I Gloppen kommune erkjente ein at aleine kunne ingen gje det tilbodet som denne gruppa treng, saman er det mogleg. Vilje i kommunestyret til å finne løysingar har vore heilt vesentleg for oppstarten av Gloppenmodellen. Kommunen vurderer at denne gruppa har rett til sosialhjelp dersom dei ikkje har midlar til livsopphald eller buutgifter. Kvar sak har blitt vurdert individuelt og opp mot dei rettleiande satsane som i andre sakar. Etter oppstart av den fyrste klassa, blei det også brukt tid på å få til endringar i forskrifter og praksis. Resultatet av dette er at tiltaksforskrifta til NAV er blitt betre tilpassa behovet. Fylkeskommunen si godkjenning av praksis er blitt tilpassa også denne utdanningsmodellen, samt at lånekassa har kome med presiseringar rundt lån og stipend. Det gjer det lettare for vaksne minoritetsspråklege å kunne gjennomføre eit slikt utdanningsløp.

"For meg er denne utdanninga veldig viktig. Eg ønskte å få meg ei utdanning og fast jobb. Gjennom utdanninga og praksisarbeidet har eg blitt kjent med mange nye folk og det er lettare å bli integrert i samfunnet. Det å vere ute i praksis er veldig nyttig for å lære språket."

Haregu Alemu Gebeyh
tidlegare elev Gloppenmodellen,
ferdig utdanna helsefagarbeidar


1.2 Målgruppe

Målgruppa for denne utdanningsmodellen er:

- Deltakarar i introduksjonsprogrammet eller i perioden med integreringstilskot med mål om utdanning i individuell plan.
- Personar med rett til tiltak frå NAV.
- Personar som har behov for tilpassa opplæring etter Gloppenmodellen.

I Nordfjord er det frå 2021 opna for å ta inn ordinære søkjarar dersom det er ledige plassar etter at dei prioriterte gruppene er vurdert. Det betyr at dersom fylkeskommunen har søkjarar som har vaksenrett, men ikkje rett til plass i Gloppenmodellen via NAV eller flyktingtenesta, kan desse likevel få ein plass i klassa.

Modellen under syner dei prioriterte gruppene i Gloppenmodellen. Flyktingar i introduksjonsprogram er prioritert. Det same er flyktingar som er i grunnskule/vaksenopplæring og er innafør 5 års perioden etter busetting.



Figur 1: Målgruppe for Gloppenmodellen, i prioritert rekkefølge



1.3 Søkjarar under 25 år

Vidaregåande opplæring for vaksne er tiltenkt personar over 25 år. Det vil likevel vere mogleg for personar under 25 år å søkje om å få plass i ei utdanning tiltenkt den vaksne målgruppa. Kandidaten må søkje om dette og grunngje kvifor dei ynskjer å delta på utdanninga. I utgangspunktet skal personar under 25 år følgje det ordinære tilbodet. Har dei særlege grunnar kan dei få tilbod om utdanning med vaksne. Det er mogleg å gje unge i ein slik situasjon rett etter vaksenretten i opplæringslova § 4A-3 i staden for etter ungdomsretten i opplæringslova § 3-1.

1.4 Utviding til fleire fagutdanningar

Dei fyrste klassane som starta opp, var innan helsefag i eit samarbeid med Helse- og omsorsetaten i kommunen. Årsaka til at det starta med ei helsefagklasse, var kommunen sitt rekrutteringsbehov innanfor helsefag. Seinare vart det og starta opp ei klasse for tannhelsesekretær i samarbeid med fylkeskommunen, ei klasse innan polymerkompositt og ei innan betongfag i samarbeid med lokale, private bedrifter. Alle klassane er bygd kring den same modellen sjølv om samarbeidspartnarane har vore ulike. Frå hausten 2021 er det lyst ut fleire tilbod etter Gloppenmodellen, mellom anna bygg og anleggsteknikk ved Stryn vgs, restaurant og matfag ved Måløy vidaregåande og teknologi og industrifag ved Eid vidaregåande. I tillegg er det kjemiprosess- og laboratoriefag VG 2 ved Årdal vidaregåande skule. Tilboda er lyst ut i Vestland fylkeskommune.

¹ Fra Ot.prp. nr. 40 (2007-2008): «Til § 3-1 nytt tiande ledd. Etter forslaget til nytt tiande ledd vil unge med rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 etter søknad i staden kunne få rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3. Det er eit vilkår at det ligg føre særlege grunnar. Eksempel på særlege grunnar kan vere alderen til den det gjeld, at vedkommande er i arbeid og derfor har vanskeleg for å gjennomføre opplæring etter opplæringslova § 3-1. Eit sentralt moment i vurderinga av om det ligg føre særlege grunnar, er om søkjaren har behov for eit meir tilpassa opplegg enn det som følgjer av opplæringslova § 3-1. Departementet understrekar at hovudregelen framleis er at dei unge gjennomfører vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, medan vaksne tek vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3. Departementet viser elles til kapittel 2.4.»



1.5 Kvifor ein rettleiar?

Gjennom åra har kommunen og fylkeskommunen erfart at modellen har vore sårbar og personavhengig. Det er nettopp eit behov for kontinuitet som har bidratt til eit ønskje om å lage ein rettleiar. Det er enkeltpersonar som har hatt eit eigarforhold til modellen. Desse har vore primus motor for å få til nye kull, og har sett i gang arbeidet år etter år. Det har ført til at deltakarlista ikkje har vore klar før nærmare juni/juli månad. Det har vore uholdbart både for dei som ønskjer å ta fagopplæringa og for skulen som har ansvar for den.

Det har utvikla seg eit behov for å samkøyre praksis etter at fleire kommunar no deltar i Gloppenmodellen. Så lenge ein kun hadde deltakarar frå ein kommune, var det lik praksis over heile linja. Deltakarene hadde like rettar med tanke på praksis og økonomisk støtte. Etter kvart som fleire kommunar, samarbeidspartnarar og nye studieretningar kom til, endra dette seg. Ulike kommunar tolka regelverket ulikt og lagde eigne avtalar. Dette førte til at det blei eit synleg skilje. Nokon deltakarar fekk dekkja både reise og overnatting, andre fekk ikkje dekkja noko. Når det gjeld eigne avtalar, handlar det om at nokre kommunar formulerte eigne kontraktar med deltakarane. Dei måtte blant anna jobbe tredje kvar helg og fire veker om sommaren. Skuleveka er frå måndag til fredag. Dersom enkelte kommunar pålegg deltakarane å jobbe helg som ein del av praksis, er det viktig at dei får kompensert med ein fridag veka før og etter arbeidshelg. Dersom ein set deltakarane inn på helg som ein del av praksis, skal helga vere rettleia. Deltakaren skal så langt det let seg gjere gå på toppen. Om han har praksis i helgar og feriar, tek det frå deltakaren moglegheita til å jobbe ekstra og tene pengar. Nokre kommunar har og laga avtale om to års bindingstid etter avslutta utdanning. Dette er ein vinn-vinn situasjon for deltakar og arbeidsgivar.

I oppstarten og heilt fram til skuleåret 2019/2020, fekk deltakarane redusert støtte frå lånekassa. Dei meinte at fagopplæringa ikkje bestod av nok timer til å få full støtte. Lånekassa gjer si kalkyle ut i frå kor mange fag deltakaren er meldt opp til, og kor mange timer faga utgjer årleg. Stipendandelen vart derfor fordelt over tre år, slik at den månadlege utbetalinga vart særdeles låg. Etter at Gloppenmodellen vart godkjend som vekslingsmodell, endra heldigvis dette seg, og deltakarane får no full støtte. I staden for ordinært stipend, kan flyktningar som tar vidaregåande opplæring ha rett på flyktningstipend etter gjeldande regler. Det inneberer at lånet deltakaren ville fått frå lånekassa, blir til stipend.



2. Tilpassing av modellen til nye strukturar, regelverk og strategiar

Samfunnet vi lever i, er stadig i bevegelse. Det har ført til at også Gloppenmodellen har måtte tilpasse seg ulike endringar frå oppstart og fram til i dag. Dei største endringane frå eit skuleperspektiv er fylkessamanslåing, nye læreplanar og ny lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid samt fullføringsreforma (Meld. St. 21 2020-2021) med tilhøyrande ny opplæringslov som er på veg. Lovmessige og organisasjonsmessige endringar vil og være ein del av framtida. Det er derfor viktig at modellen kontinuerleg vert utvikla i takt med landskapet rundt.

2.1 Ny integreringslov

Ny integreringslov (2020) skal sikre at så mange som mogleg av dei som vert busett, får den kompetansen samfunnet etterspør. Mange fleire enn i dag skal gå på vidaregåande skule. Ein er no i eit brytningspunkt der kommunane har flyktningar som har vedtak om introduksjonsprogram etter lov om introduksjonsprogram og flyktningar som har vedtak etter ny integreringslov. Alle flyktningar mellom 18 og 55 må følge eit introduksjonsprogram. Frå og med 2021 vil lengda på programmet være ulik. Den vil variere frå 3 månader til 4 år. Dei som ikkje har vidaregåande skule eller høgare utdanning frå heimlandet vil få lengst tid i programmet. I Nasjonalt introduksjonsregister vil det bli oppretta eit eige registreringspunkt for dei som går fulltid på vidaregåande skule. Dette vil være med å avgjere deling av tilskot mellom kommune og fylkeskommune.

Integreringslova poengterer kor viktig det er at asylsøkarar og innvandrarar får relevant og formell kompetanse, tilgang til arbeidsmarknaden og moglegheit for økonomisk sjølvstende. Både plan og lovverk underbygger tankesettet som har lagt til grunn i arbeidet med modellen sidan 2013. For Gloppenmodellen er ny integreringslov ei styrke for vidare satsing.

2.2 Nye læreplanar - tverrfaglege tema og yrkesretting

Ny læreplan etter kunnskapsløftet (2020), inneber både ny overordna del - verdiar og prinsipp for grunnskuleopplæringa, samt nye læreplanar i fag. Felles for alle faga, er tverrfaglege tema som tek utgangspunkt i aktuelle samfunnsutfordringar. Det skal bidra til at deltakarane skal sjå samanheng på tvers av faga. Tilsvarende stiller kompetansemåla i læreplanane krav til yrkesretting av fag.

Slik modellen er presentert, med programfag første og andre året og mesteparten av fellesfaga tredje året, kan det vere utfordrande for deltakarane å oppleve heilskap og samanheng mellom programfag og fellesfag. I tillegg har ein erfart at det er utfordrande å få til eit samarbeid mellom fellesfaglærarane og programfaglærarane, då programfaglærarane ikkje er inne i undervisninga i det heile gjennom det tredje året. Rolla programfaglærar har, er å vere kontaktpunkt mellom skule og praksisplass, samt rettleiing av deltakarane sitt dokumentasjonsarbeid frå praksis.

Å skape betre samanheng og samarbeid på tvers av fag, kan løysast på ulike måtar. Noko avheng av skulen si samansetjing av utdanningsprogram.

Aktuelle løysningar:

- Skal en lage plass til fellesfag fyrste og andre året, er det lurt å velje fellesfag som har relevans til yrkesfaget (sjå kapittel 6.2).
- Bruk av oppgåver og tema i læreverk som er tilpassa elevanes yrkesopplæring, eventuelt utvikle eigne oppgåver og døme basert på tema frå praksis og programfag.
- Bruk av YFF/ praksis og praksislogg for å dokumentere deler av kompetansemål i fellesfag, for eksempel bruk av velferdsteknologi på praksisplassen i et berekraftsperspektiv som del av naturfag, og berekningar i forhold til velferdsteknologi og økonomi som ein del av matematikk. Relevant fagspråk for å presentere og dokumentere arbeidsprosessar som ein del av norsk. Her er det mange døme på moglegheiter for oppnå kompetansemål i fellesfag som del av YFF eller praksis.
- Viktig med samarbeid mellom programfaglærarar og fellesfaglærarar for å gjere seg kjent med kvarandre sine kompetansemål og fag. Bruker ein lærebøker, ulike nettsider eller andre læringsverktøy i undervisninga, anbefaler ein at både programfaglærarar og fellesfaglærarar har kjennskap til det som blir brukt, og gjerne har tilgang til verktøyet. Det vil gjere det lettare i planlegginga av felles tema.
- Bruke fast undervisningspersonale i vaksenopplæringa over tid, gjerne på fast utdanningsprogram.
- Skuleåret med mykje fellesfag, er det viktig å setje av ein ressurs til programfaglærar for å sikre samarbeid om tverrfaglege tema og yrkesretting (sjå kapittel 6.2).
- Rullere på arbeidsplassane; yrkesfaglærar og fellesfaglærar deler arbeidsrom.
- Hospitere i kvarandre sine undervisningstimar - invitere fellesfaglærarane med på verkstaden eller praksis/ arbeidsrom.

- Legge til rette for at både programfaglærar og fellesfaglærarar kan besøke deltakarane i utplassering om det er mogleg jf. retningslinjer frå praksisplass.

I tillegg er det viktig at skulen har ei leiing som legg til rette for samarbeid basert på:

- Tydelege forventningar - yrkesretting og relevans må takast på alvor.
- Idémyldringsmøte på slutten av skuleåret for å finne passende tema og planlegge tverrfaglegheit og yrkesretting komande skuleår.
- Tid og rom for pedagogisk utviklingsarbeid. Det er også mogleg å ha eksterne faglege innspel for disse samlingane.
- Eit visst tal planlagde møter mellom fellesfaglærarar gjennom siste skuleåret der det er mykje fellesfag for programfaglærar ressursen. En treng ikkje ha møte kvar veke, men kanskje 4 til 6 kvar veke for å få kontinuitet og samanheng.

Vestland fylke sin temaplan, mål og strategiar for vidaregåande opplæring 2021-2025, **“Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring”**, er eit av styrings og kvalitetsverktøya i arbeidet med å fornye og forbetre vidaregåande opplæring i takt med samfunnsendringar. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal ruste morgondagens yrkesutøvarar til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse. Det er viktig at andre som ønskjer å starte opp utdanningsmodellar i tråd med Gloppenmodellen, gjer det i samsvar med egne regionale planar for vidaregåande opplæring.



3. Samarbeid i Gloppenmodellen

Det er arbeidsmarknaden sitt behov for rekruttering og den enkelte minoritetsspråklege sitt behov for kvalifisering som er avgjerande for å starte opp nye klasser. Det er derfor viktig med tett dialog mellom dei ulike aktørane og bransjane for å fange opp rekrutteringsbehov i regionen. Her er NAV si arbeidsmarknadsanalyse eit viktig grunnlag. Oppstart av nye klasser er heilt avhengig av tilgjengelege praksis- og læreplassar. Dersom det er behov for kvalifisert arbeidskraft i yrke der det ikkje er utarbeida eit tilpassa opplæringsløp må dette utarbeidast. Det bør så tidleg som mogleg avklarast med slutningsmyndigheitar i kvar enkelt etat om det er grunnlag/ ønskeleg med oppstart av ny klasse. Tidleg forankring vil lette arbeidet med å gjennomføre prosedyrane i samband med oppstart.

Det er mange aktørar på ulike forvaltningsnivå som jobbar med kvalifisering av minoritetsspråklege vaksne. I Gloppen såg man difor eit behov for å skape ei felles forståing av arbeidsmarknaden sin etterspørsel etter fagfolk, og viktigheita av fagutdanning for at minoritetsspråklege vaksne skal lukkast i arbeidslivet. Det å samarbeide på tvers av forvaltningsnivå er i seg sjølv ei utfordring som krev felles visjon og ei vilje til å finne løysingar på økonomi og handtering av ulike regelverk.

Visjonen og betydninga for regionen som blei framheva var:

- Rekruttering av fagarbeidarar i forhold til etterspørsel.
- Ressurssterke folk som vil busetje seg i regionen.
- Eit multi-kulturelt arbeidsmiljø er berikande for alle.
- Positiv omdømmebygging for offentleg og privat sektor.

*«NAV har brukt mykje pengar som ikkje har gitt ønska effekt.
Vi måtte tenkje nytt.»*

Øyvind Hervik
tidlegare leiar NAV Gloppen

3.1 Erfaringar

I arbeid med nye prosjekt og modellar er læringskurva bratt. Det å kunne ha eit tettare samarbeid med NAV, kommunar og bransje/ bedrift opplevast som lærerikt og nyttig frå skulen si side, men det er og meir ressurskrevjande for alle partar. Gjennomføring av klassar etter Gloppenmodellen har kravd ein god del oppfølging, og ein har brukt ekstra ressursar i dei ulike leiargruppene for å få til den oppfølginga som krevst. Når ein ser kor mange som har lukkast med å få seg ei fagutdanning gjennom denne modellen, er det oppmuntrande og oppløftande. Dei ulike samarbeidspartnarane i modellen kjenner kvarandre på ein heilt annan måte no enn tidlegare. Det ligg eit potensiale i det som kan utnyttast på andre felt.

Økonomi har vore ei utfordring då ulike aktørar har ulike styrande regelverk. Eit stikkord er ryddige avtalar og felles forståing av kva som er innhald i avtalene. I tillegg må ein avklare kven som skal betale for utdanninga og kor stor del dei ulike partane skal stå ansvarleg for, dersom det er samfinansiering. Bedriftene må forplikte seg på nokolunde lik praktisering. Dette må inn i samarbeidsavtalen i forkant. Det er også viktig å avklare kva som skjer med kostnaden om ein elev vel å avbryte opplæringa. Det vil vere ein stor fordel om ein kan få på plass ei type standardavtale der det blir lagt inn nokre formelle møtepunkt i løpet av samarbeidsperioden.

Nordfjordrådet er eit regionråd for kommunane i Nordfjord; Gloppen, Stad, Stryn og Kinn. Rådet består blant anna av ordførarane og har som føremål å fremje kommunane og regionen sine interesser, og løyse felles spørsmål og oppgåver. Tilsvarande regionråd eksisterer over heile Noreg. Rådet arbeider no med prosjektet fagutdanning i Nordfjord som er politisk forankra i Nordfjordrådet. Planen er å lage ei langsiktig overordna avtale mellom kommunar, fylkeskommune og NAV. Hensikta med ei slik avtale er ei gjensidig forplikting mellom dei ulike partane om å jobbe både innad i organisasjonen og politisk med forankring og støtte til tiltaket. At prosjekt fagutdanning er politisk forankra i eit regionråd, er utvilsamt ein styrke.

3.2 Samarbeidsmodell og ansvar

Ein av grunnpilarane i fagutdanningsmodellen er samarbeidet mellom tre partar som alle har vore opptatt av å finne løysingar og eigen interesse i å lukkast. Samarbeidet gjev oppdrag til skulane, arbeidskraft til bedrifter/ kommunar/fylkeskommune og NAV/kommunane får opplæringstilbod til personar som kanskje elles ville slite med å komme seg inn på arbeidsmarknaden.

I Vestland er det utarbeida ei overordna avtale mellom NAV og fylkeskommunen på opplæringsområdet. Denne syner at det skal satsast på slike samarbeid framover. I tillegg er det lokalt i Nordfjord utarbeidd ei forpliktande samarbeidsavtale mellom arbeidsgjevar (kommune/ bransje), NAV og skule/fylkeskommune om dei ulike opplæringstilboda. Avtalen er konkret og regulerer fyrst og fremst kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene og den økonomiske delen av tiltaket. Den stadfester at alle aktørar skal bidra med ressursar, og at utdanninga skal ha ein kombinasjon av teori og praksis, i tillegg sikre fagbrev på kortast mogleg tid. Ei slik avtale bør signerast og vere på plass før tiltaket vert sett i verk. I tillegg består samarbeidet av sjølve prosessen rundt det å finne kandidatar, opprette tilbodet og gjennomføre vidaregåande opplæring. Ein av suksessfaktorane for Gloppenmodellen er at arbeidsgjevar pliktar seg til praksis og læreplass for den enkelte før oppstart på fagutdanning, under føresetnad av at deltakaren er eigna.

Rollene til dei ulike aktørane er beskrive under:

NAV si rolle i samarbeidet:

- Delfinansiering av opplæringstilbodet.
- Marknadsanalyse.
- Identifisere aktuelle kandidatar.
- Delta i inntaksteam.
- Livsopphaldsyting for dei deltakarane som har rett på det (via individuelle vurdering).
- Innhente tall og statistikk til evaluering.
- Gjennomgå resultat frå brukarevalueringa saman med skulen.

Fylkeskommunen si rolle i samarbeidet:

Avdeling for opplæring og kompetanse

- Delfinansiering av opplæringstilbodet.
- Juridisk ansvar for all vidaregåande opplæring i fylket.
- Rettleie søkjarar/flyktningsteneste/NAV om søknadsprosess.
- Identifisere søkarar som søker i Vigo, men ikkje er i NAV eller flyktningstenesta sine porteføljar.
- Innhente dokumentasjon og bestille stadfesting/realkompetansevurdering frå kommunane.
- Samtale med alle vaksne som søker vidaregåande opplæring (retteleingstenesta).
- Gjer enkeltvedtak om rett/ikkje rett til vidaregåande opplæring for vaksne.
- Innhente tall og statistikk til evaluering.

Vidaregåande skule si rolle i samarbeidet:

- Utarbeiding av budsjett og plan for gjennomføring av opplæringa.
- Skaffe praksisplassar og læreplassar og inngå avtalar med den enkelte bedrift.
- Gjennomføring av opplæring etter læreplan for aktuelle utdanningsprogram. I tillegg skal opplæringa innehalde styrking av grunnleggjande ferdigheiter i norsk.
- Tilrettelegging av praksis, og tett oppfølging av praksis som del av programfaget YFF.
- Gjennomføre brukarevaluering.

Kommunen si rolle i samarbeidet:

- Mogleg delfinansiering av opplæringstilbodet.
- Informere om behov for arbeidskraft.

Flyktningtenesta (kan og ligge under NAV)

- Finne aktuelle kandidatar
 - a. Dette gjerast gjennom arbeidet med individuell plan og tett oppfølging av flyktningane.
 - b. Samarbeid med kommunal vaksenopplæring, undersøker om det er andre minoritetsspråklege som ynskjer yrkesutdanning gjennom Gloppenmodellen.
- Sjekke ut motivasjonen til aktuelle kandidatar gjennom intervju.
- Skaffar praksisplass og læreplass.
- Arrangere utprøvningspraksis.
- Delta i inntaksteam.
- Samarbeide med kommunal vaksenopplæring for å sikre at alle får sendt inn dokumentasjon.
- Gjennomgå resultatata frå brukarevalueringa saman med skulen.

Bransje (privat og offentleg sektor) si rolle i samarbeidet:

Arbeidsgjevar

- Informere om behov for arbeidskraft.
- Legge til rette for utprøvningspraksis før søknad.
- Tilby læreplass/lærekontrakt.
- Følge opp deltakarar som er i lære i samarbeid med vidaregåande skule.

Opplæringskontoret

- Ansvar for oppfølging av lærlingar fram mot fagprøve.
- Gje råd til skulen for å avklare utfordringar undervegs.

Figuren under er ei forenkla framstilling av samarbeidet mellom dei ulike aktørane i ulike fasar av Gloppenmodellen. Dette er eit oversiktsbilete av samarbeidet i prosessen som er beskrive tidlegare. Aktørane i parentes kan variere avhengig av aktuelle samarbeidsløysingar. Evalueringa vil danne eit grunnlag for vurdering av behov for nye kull, samt strategisk bruk av modellen og den faktiske gjennomføringa.

VURDERING AV BEHOV



- Rekrutterings-behov i regionen (kommune, arbeidsgivar)
- Finne aktuelle kandidatar (NAV, fylkeskommune, flyktingteneste, arbeidsgivar)

GJENNOMFØRING



- Tilrettelegging av opplæring (vidaregåande skule)
- Oppfølging i praksis og læretid (skule, arbeidsgivar, opplæringskontor)

OPPSTART AV NY KLASSE



- Finansiering av opplæring (NAV, fylkeskommune, kommune)
- Utveljing av kandidatar (flyktingteneste, NAV, arbeidsgivar)

BRUKARSTYRT EVALUERING



- Innhente tall og statistikk (vidaregåande skule, NAV, Fylkeskommune)
- Gjennomføre brukarevaluering (vidaregåande skule, flyktingteneste)



Figur 2: Samarbeidsmodell

3.3 Finansiering

Gloppenmodellen bygger på samfinansiering, dette for å gi eit større eigarskap for dei ulike partane og gjere det enklare for deltakarane å delta i eit 4-årig utdanningsløp. I utgangspunktet er det fylkeskommunen som har ansvar for å koste den vidaregåande opplæringa. For at det skal kunne gjevast ei forsterka og tilpassa opplæring til brukarar med spesielle behov, i NAV og flyktningteneste, krevst det at NAV og eventuelt kommune bidrar økonomisk. Eit slikt økonomisk samarbeid vil styrke partane sitt eigarforhold til utdanninga, og kan gjennomførast som unntak frå regelverket for offentlege innkjøp (FOA 3-3).

Ei kostnadsdeling kan gjerast på ulikt vis. Under er ulike forslag til løysingar lista opp:

1. Kostnaden vert delt på tre, NAV, fylkeskommune og kommune, der alle er likeverdige partar. Dette skapar eit likt «eigarskap», og er forutsigbart for alle partane.
2. Kostnaden vert delt på to, NAV og fylkeskommunen, der begge er likeverdige partar.
3. NAV og kommune dekker det som regnast for ekstra kostnader i forbindelse med forsterkning og tilpassing, og fylkeskommunen dekker det som regnast som «ordinær» vaksenopplæring. Det kan vere utfordrande å definere kva som skal reknast som «ordinær vidaregåande opplæring».
4. Stykkprisfinansiering. Fylkeskommunen dekker deltakar plass for dei med opplæringsrett, og NAV og kommune dekker deltakar plass for dei utan opplæringsrett. Denne løysninga kan skape uforutsigbarheit med tanke på utgifter frå år til år for den enkelte samarbeidspart. I tillegg kan det vere utfordrande dersom ein deltakar endrar status i løpet av utdanninga.


I Gloppenmodellen har partane tidlegare gått for løysning nr. 1 (for helsefag) og løysing nr. 2 (for dei andre fagutdanningane). Det har vore lagt vekt på likeverdige partar og forutsigbarheit i samarbeidet. NAV dekkar kostnadar gjennom sitt tiltaksbudsjett, og kommunane dekker utgifter gjennom integreringstilskotet. Frå hausten 2021 vert det lagt opp til løysing nr. 2 (det vil si 50/50 deling) for alle utdanningane som startar etter denne modellen i Nordfjord.

Årsaka til at ein i 2021 valde ei todeling framfor ei tredeling av finansiering, er todelt. For det fyrste ser man at den gruppa av flyktningar som har vore busett siste tida, står lengre frå arbeidslivet enn dei som var busett tidlegare. Mange har lite formell utdanning og dei bruker lengre tid

på å kvalifisere seg for vidaregåande skule. Det er og færre som vil klare å ta vidaregåande utdanning i løpet av 5 fyrste år dei er busett i kommunen, som er den tida kommunen får integreringstilskot. For det andre, kom det ei ny integreringslov i 2020. Denne krev meir av fylkeskommunen då det er eit mål i lova om at deltakarane skal tidlegare inn i vidaregåande skule.

3.4 Livsopphaldsytingar

Finansiering av livsopphald skjer anten gjennom NAV, Lånekassa eller introduksjonsløn. For at deltakarane som ikkje fell innanfor NAV sitt regelverk eller er i introduksjonsprogrammet skal få rett til stipend, er det ein føresetnad at utdanningsmodellen blir definert som vekslingsmodell. I Gloppenmodellen opplev partane mange av dei same utfordringane som oppstår i andre gruppetiltak der deltakarane har ulike ytingar. Det er viktig at dei ulike rettane vert spesifisert i enkeltvedtak til kvar deltakar. Dei som har rett til eit opplæringstiltak godkjent av NAV, må få dette spesifisert i vedtaket, inkludert kva det inneber. Det same gjeld dei som går i introduksjonsprogrammet eller dei som har vaksenrett. Det er og heilt vesentleg at innhaldet i kvart enkeltvedtak må forklarast grundig til kvar enkelt deltakar. Han må kjenne til eigne rettar og pliktar, og vere informert om kva han sjølv har gått inn på. I ulike enkeltvedtak må det og presiserast korleis vedtaket vert avslutta. Sjølv om NAV er sentral i finansiering av opplæring og livsopphald, er det fylkeskommunen (ansvarleg inntakskontor) som gjer enkeltvedtak om tildeling av skuleplass. Tabellen under syner ei oversikt over dei ulike livsopphaldsytingane.



Gruppe	År 1	År 2	År 3	År 4
Flyktningar i introduksjonsprogram/ andre registrert i NAV	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Introduksjonsløn</u> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Introduksjonsløn</u> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Introduksjonsløn</u> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Lærlingløn</u> • Økonomisk sosialhjelp • <u>Stipend</u>
Flyktningar i grunnskule	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Lærlingløn</u> • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> • Stipend
Arbeidssøklarar og andre registrert i NAV	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Dagpengar</u> • <u>Stønad som einsleg forsytar</u> • <u>Sjukepengar</u> • <u>Arbeidsavklaringspengar</u> • <u>Kvalifiseringsstønad</u> • Tiltakspengar • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stønad som einsleg forsytar</u> • <u>Arbeidsavklaringspengar</u> • <u>Kvalifiseringsstønad</u> • Tiltakspengar • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stønad som einsleg forsytar</u> • <u>Arbeidsavklaringspengar</u> • <u>Kvalifiseringsstønad</u> • Tiltakspengar • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Lærlingløn</u> • <u>Stønad som einsleg forsytar</u> • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> • <u>Stipend</u>
Andre elevar/deltakarar (vaksne med rett / ungdom brukt opp rett / andre)	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • Forsørgd av andre • <u>Økonomisk Sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • Forsørgd av andre • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Stipend</u> • Løn frå arbeidsgjevar • Forsørgd av andre • <u>Økonomisk sosialhjelp</u> 	<ul style="list-style-type: none"> • <u>Lærlingløn</u> • Forsørgd av andre • <u>Økonomisk sosialhjelp</u>

4. Oppstart ny klasse/ kull

Oppstart av nye klasser/ kull byggjer på eit reelt rekrutteringsbehov og er avhengig av tilgjengelege praksis- og læreplassar. Man må og ha konkrete avtaler med bedriftene som synleggjer kva ansvar som ligg hos dei ulike partane. For å rekruttere nok deltakarar til dei ulike klassane, er det og viktig med ein plan for korleis og når det skal gjevast informasjon til relevante partar.

4.1 Erfaringar

For å få eit tilstrekkeleg deltakargrunnlag til å kunne starte ny klasse, er det heilt vesentleg å få ut informasjon om tilbodet både på NAV og fylkeskommunen sine informasjonsplattformer. I tillegg må NAV og fylkeskommunen informere kommunane om oppstart av nye kull og informere deltakarar om plikter, rett og krav til dokumentasjon. Det er og ein føresetnad at det er god informasjonsflyt mellom dei aktuelle kommunane før oppstart. Dette for å sikre at man fangar opp alle aktuelle kandidatar i regionen.

At arbeidsgjevar garanterer for praksis- og læreplass er eit bærande element. Det er ofte mangel på praksis og læreplassar. Minoritetsspråklege vaksne høyrer gjerne til ei gruppe som vil ha særlege vanskar i kampen om læreplass. Utfordringa mange av dei har med språk er kanskje ei av dei viktigaste årsakene til det. I tillegg har mange av dei forsørgjaransvar og er difor heilt avhengige av å ha ein tryggleik for at det er mogleg å gjennomføre ei fagutdanning dersom dei jobbar og viser kompetanse slik som det vert kravd. Samtidig er dette og eit krevjande punkt. Det handlar særleg om at arbeidsgjevarane må forplikte seg til å tilby læreplass utan å kjenne lærlingen dei skal ta inn om tre år. Samtidig får arbeidsgjevar ein gylden moglegheit til å vere med å utvikle deltakarane gjennom dei åra dei er i praksis som ein del av opplæringa.

«Erfaringa frå helsefag er at kommunen kjenner godt aktuelle lærlingar når dei er klare for læretid og kan tilpasse læretida etter behovet til eleven.»

Anita Eide Lothe
sakshandsamar/rådgjevar
Helse og omsorg



4.2 Behovskartlegging

Det som er avgjerande for oppstart av ny klasse er at det er eit uttalt behov for fagutdanna arbeidskraft i arbeidsmarknaden. Innspel om dette kan komme frå arbeidsgjevar som streva med å finne faglært arbeidskraft, eller frå NAV som har god oversikt over dette gjennom marknadsanalyser. Det vert ikkje sett i gong utdanningar med mindre dette er på plass. Det er viktig å sikre at det ikkje vert utdanna folk til arbeidsløyse. NAV saman med Fylkeskommunen avgjer om innspel skal føre fram til ei utdanning dei vel å satse på. I tillegg til at det er meldt inn behov for faglært arbeidskraft må og bedriftene stille praksis og læreplassar til disposisjon.

Dette er ein lang prosess som krev at NAV (som regel marknadskoordinator) får signal frå bransje eller arbeidsgjevar, eller ser klare tendensar i arbeidsmarknadsanalyser. Dei kan deretter ta initiativ til dialog med fylkeskommune og arbeidsgjevar for å initiere samarbeid. Av omsyn til partane sine budsjettprosessar samt fylkeskommunen sitt behov for planlegging av nye klasser, bør kartleggingsprosessen vere ferdig eit år før ein lyser ut nye utdanningstilbod.

4.3 Informasjon

NAV og fylkeskommunen har ansvar for å få ut informasjon til kommunar, aktuelle arbeidsgjevarar og kandidatar, blant anna ved å promotere dette på eigne nettsider. Det inkluderer å informere kommunane om oppstart av nye kull, og samle deltakarar som er interessert i dei ulike kommunane og informere om plikter, rettar og krav til dokumentasjon. God informasjonsflyt mellom dei aktuelle kommunane før oppstart, er viktig for å sikre at ein fanga opp alle aktuelle kandidatar i regionen. Det er og viktig at NAV, flyktningteneste og vaksenopplæring ser gjennom sine lister med eit særleg fokus på:

- Kven har nedfelt i sin individuelle plan at dei ønskjer å bli fagarbeidar i dei aktuelle faga?
- Kven har gått ut av introduksjonsprogrammet, og hadde fagutdanning som mål i sin individuelle plan?
- Er det arbeidsledige registrert i NAV sitt system og som kan være aktuelle?
- Er det aktuelle kandidatar blant minoritetsspråklege som går på grunnskule?
- Er det aktuelle minoritetsspråklege med deltidsjobb i kommunen som manglar fagbrev?

Dersom kommunen har ei stor gruppe med deltakarar som har motivasjon og evne til å gjennomføre ei fagutdanning, men manglar grunnskule engelsk, må det vurderast om ein skal vere litt romsleg når det gjeld engelskkravet. I så fall må fagutdanninga leggjast til rette for det. Er det deltakarar som ikkje har grunnskule engelsk, må det gjerast tydeleg i vedtaket frå fylkeskommunen at han må delta i undervisning og få karakter i faget i løpet av det fyrste året i vidaregåande opplæring. Om deltakaren får karakteren 1, dekkjer det kravet for vitnemål i det aktuelle faget. Det er ikkje noko krav til bestått for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring. Det er likevel viktig å ta med i vurderinga at deltakar må bestå engelsk på vidaregåande nivå for å gå opp til fagprøve.

Forslag til tilrettelegging:

- Ha fleire dagar på skulen første året slik at deltakar får undervisning i grunnskule engelsk.
- Arrangere eit forkurs i engelsk før oppstart.
- Sjå på moglegheita for å tilby engelskkurs på kveldstid på vaksenopplæringa.

Om deltakaren ikkje er kvalifisert og manglar grunnskule engelsk, er forslaga moglege tiltak som kan bidra til at deltakaren kjem i gong med vidaregåande opplæring. Ei slik tilrettelegging vil alltid ha både fordelar og ulemper. For deltakaren vil det vere ein fordel ved at han kjem i gong med opplæringa. Han slepp å bruke enda eit år for å kvalifisere seg. Ulempa er at ein ved å ta i bruk fleire dagar på skulen, mister verdifull praksis, og dermed noko av intensjonen ved denne måten å gjennomføre fagutdanning på. Deltakarar som har lengre reiseveg til skulen, vil og måtte bruke meir tid på reise frå eigen kommune. Når det gjeld engelsk kurs på kveldstid, er det ikkje alltid like enkelt for vaksne å få til dette med tanke på familiesituasjon. Sjå kapittel 5.2 for meir om aktuelle kandidatar, motivasjon og evner.

For å sikre at informasjonen når ut til kommunar og kandidatar i god tid før inntaksprosessen er det viktig å ha ein plan for informasjonsarbeidet med å fastsette fristar og ansvar for gjennomføring. Plan for informasjonsarbeidet bør understreke at NAV og Fylkeskommunen må informere dei andre aktørane som oppstart av nye opplæringstilbod. Dette må skje allereie i oktober/november året før oppstart.

4.4 Avtale med arbeidsgjevar om praksis- og lære plassar

Ein av suksessfaktorane ved Gloppenmodellen, er at arbeidsgjevar gjev garanti for praksisplass gjennom opplæringsløpet, og garanterer for lære plass. Dette med føresetnad om at deltakar er eigna og innfrir krava som er forventa av han etter avslutta opplæring i skule. Dette er ein del av avtalen, og gjerast før deltakar startar opplæringa. Avtalen må vere skriftleg.

Det er den enkelte skule som inngår avtale med arbeidsgjevar angående praksis. Når det gjeld lære plassane, er det ein avtale mellom lærling og bedrift, med hjelp frå opplæringskontoret. Sjå døme på avtale/kontrakt som ligg vedlagt. Skulane kan få hjelp frå marknadsteam i NAV eller opplæringskontor dersom dei treng bistand i arbeidet. Det er skulen som då må ta kontakt med dei gjeldande



5. Inntak

I inntaksprosessen er det heilt vesentleg å sikre at kandidatane har god forståing for faget og motivasjon til å gjennomføre ei fagutdanning.

I Gloppenmodellen har dette vore ivareteke gjennom grundig forarbeid med intervju, utprøving i praksis og informasjon til den enkelte.

5.1 Erfaringar

Det er mykje som skal på plass før ein kan starte opp nye klasser. Ein slik prosess tek tid og bør starte tidleg. Erfaringane er at avklaringane rundt kva tilbod som skal starte opp, kvar tilbodet skal vere, deltakar-grunnlag og praksisplassar, ofte har kome for seint i gong. I desse tilfella har alle aktørane opplevd stor usikkerheit om det har vore grunnlag for oppstart av tilbodet eller ikkje. Tidleg avklaring av aktuelle samarbeidspartar og ei einigheit om at alle vil jobbe mot felles mål og få på plass ein koordinert aktivitetsplan, er avgjerande for å lukkast.

Suksessen med helsefagklassane etter Gloppenmodellen førte til at andre bransjar og kommunar såg nytten i å få opp liknande tilbod for å sikre meir stabil rekruttering framover. Uavhengig av kva fagtilbod som skal startast opp bør desse avklarast samtidig som ein startar budsjettprosessen. Tilbodet må forankrast både administrativt og politisk, då det vil ha økonomiske konsekvensar for partane. I tillegg må ein sikre at det er tid til alle dei andre aktivitetane man må gjennom før oppstart av nytt skuleår. Ein konsekvens av å kome for seint i gong, er at eit heilt skuleår går tapt og at oppstart må utsettast tilsvarande.

I tillegg til at skulen skal ha på plass tilsette, trengst det tid til å planlegge undervisningsopplegget. Ein tilsetjingsprosess tek nær 6 månadar. Dersom det er mangel på kvalifisert lærarressurs kan dette føre til utsett oppstart. Det er viktig at den skulen som får ansvar for fagopplæringa tidleg får starta tilsetjingsprosessen, planlagt innhald i opplæringa og sikre alle nødvendige godkjenningar gjennom lånekassa for utdanning.

Ei anna erfaring er at deltakargrunnlaget varierer, og at for dårleg kartlegging av behov har ført til at prosessen har på gått alt for lenge, før ein har måtte avbrote den. Det er fleire partar som må ta denne avklaringa. NAV har sin portefølje, flykntingtenesta har aktuelle personar i introduksjonsprogrammet og vaksenopplæringa har personar som får norskopplæring. Den viktigaste utfordringa har vore å få koordinert denne innsatsen slik at ein får ei samla oversikt over aktuelle kandidatar, får ut felles informasjon om opplegget og avklart endeleg tidspunkt for innsøking i Vigo vaksen.

Det er ikkje alltid slik at deltakarane på introduksjonsprogrammet er godt nok kartlagt i høve arbeidsretta/ skuleretta løp. Erfaringsmessig er det ofte fleire av dei potensielle kandidatane som har manglande formell kompetanse. Dette gjeld særleg engelskkravet der man ofte må finne løysingar på manglande formell dokumentasjon. Det er derfor viktig med tidleg intervju og grundig førebuing av kandidatane.

For at kandidaten skal få ei betre forståing av kva utdanninga inneber, og inntaksteamet skal få eit betre grunnlag for å vurdere om kandidaten er egna, er det veldig viktig med praksis i forkant av inntak (såkalla utprøvingspraksis). Kandidatane har sjølv gitt tilbakemelding om at ein slik utprøvingspraksis skapar forståing for kva arbeidet som fagarbeidar inneber. Det kan ta tid å få på plass avtaler om praksis. Det er viktig at dette skjer i god tid før endeleg inntak.

Skuleløpet er kombinasjon av teori og praksis frå starten. Det betyr at lærebedrifter, enten det er kommunal eller privat, må vere på plass tidleg på vårparten. Sjølv om det er stor vilje til å vere med på eit felles opplæringsløp kan det fort bli diskusjonar om kva dette inneber i praksis. God informasjon ut til bedriftene / kommunane om innhald og omfang av praksis, økonomiske konsekvensar og avtale på tal deltakarar er viktig for å oppretthalde god samarbeidsrelasjon. Når ein har alt på plass, må det lagast ein samarbeidsavtale som skal godkjennast av alle partar. Denne må vere på plass før skulestart og innehalde ansvar og oppgåver for kvar avtalepart.

«Det mest krevjande i Gloppenmodellen gjennom åra vi har brukt den, har vore inntak og inntaksprosess. Her er mange som ynskjer eit opplæringsstilbod, men det er mange ledd som skal meine noko før deltakaren kan starte».

Hallgeir Hansen
rektor Firda vidaregåande skule

5.2 Utprøvningspraksis og hospitering på skule

Det er viktig å presisere at dei som får plass etter Gloppenmodellen ikkje er dei som er best rusta, men har eit behov for ekstra tilrettelegging for å kunne ta ei fagutdanning. Då dette er deltakarar som vil måtte jobbe ekstra hardt for å oppnå ei fagutdanning, er det heilt vesentleg at den enkelte veit kva han går inn på. Aktuelle kandidatar bør prøvast ut i praksis i to veker før dei vert intervjua av programrådgivar. For arbeidsplassar med turnus, bør kandidatane prøve både dagvakter og kveldsvakter. Dette for å sjå om dei har helse, evne, vilje og motivasjon til å begynne på ei fagutdanning. I tillegg får dei prøve seg i yrket før dei startar på ei utdanning som vil ta fire år. Kandidaten har med eit vurderingsskjema til utfylling for praksisplass. Dette blir sendt til sakshandsamar og blir ein del av inntaksvurderinga.

Grunnen til at det blir nytta evalueringsskjema, er for å sikre at dei som søker og får plass på denne utdanninga, er eigna til yrket og har motivasjon, evne og vilje samt rette haldningar. Er dette på plass, er vår erfaring at språk og teorikunnskap kjem etter kvart. Sjå døme på vurderingsskjema i vedlegg.

Evalueringsskjema bør gjennomgåast med rettleiaren før kandidaten startar i praksis. Tilbakemeldingane frå rettleiar er viktige for å luke ut dei som ikkje er eigna. I tillegg er det viktig å få vite om vedkomande er motivert for denne typen jobb. Korleis samhandlar dei med pasientar, pårørande og kollegaer? Det er og viktig å få tilbakemelding på haldningar. Her er det haldningar til jobben som tel. Kan dei nytte dei arbeidskleda som bedrifta krev? Kan kandidaten syne handledd, og bruke hovudplagg? Kan han nytte hjelp og anna sikringsutstyr og andre krav bedrifta har til bruk av kle og utstyr for tilsette. Det er og viktig å få tilbakemelding på om vedkomande tar rettleiing. Er det evne og vilje til å korrigere eigen åtferd dersom han får tilbakemelding på dette? Går vedkomande i forsvar eller tar han instruks?

Dersom praksis ikkje er mogleg, bør kandidaten ha omvising og intervju på aktuell arbeidsplass. Ei anna løysing kan vere å bruke egne verkstad. Hospitering i skulen som har ansvar for fagopplæringa, er og noko ein kan anbefale. Då får kandidaten eit innblikk i korleis ein dag/veke i vidaregåande skule kan vere organisert. Han får og ein peikepinn på kva program- og fellesfag går i. Det er viktig at ein gjer hospiteringa mest mogleg naturleg. Det er stort sprang for mange av dei minoritetsspråklege å gå frå grunnskule til vidaregåande opplæring. Ei hospitering kan vere med å gi kandidatane ei forståing av at dette er noko som krev eit godt stykke arbeid og eigeninnsats. På denne måten kan dei og få kjennskap til skulen sitt opplæringsverkstad eller praksisrom, og gjerne få prøve ut praktiske og

yrkesretta oppgåver.

«For viss du får være i praksis fyrst, då veit du kva helsefag er, og korleis man jobbar der. Det er mange som begynner på skule, men veit ingenting om korleis det er å jobbe. Dei sluttar med ein gong.»

Elev på helsefag Vg1.



5.3 Samtale og intervju

Aktuelle kandidatar må ha ei samtale med sin programrådgivar/sakshandsamarar for å avklare om dei er aktuelle for utdanningsløpet. Kandidatane må og få innsyn i tilbakemeldinga frå praksisplass. Viktige moment i slike samtalar er:

- Har kandidaten vilje, motivasjon og haldningar for å fullføre ei fagutdanning?
- Er kandidaten kvalifisert? Det er krav om godkjent grunnskule frå Noreg eller sannsynleggjort grunnskule frå heimlandet med engelsk tilsvarande norsk grunnskule (eventuelt realkompetansevurdering).
- Mål i individuell plan.

5.4 Inntaksteam

Det er anbefalt å opprette eit inntaksteam. Dette bør bestå av ein representant frå NAV (gjerne marknadsteamet), ein representant for flyktingtenestane i regionen/kommunen og ein frå rettleiingstenesta (rettleiingstenesta i Vestland ligg til fylkeskommunen og representera her dei vidaregåande skulane). Inntaksteamet bør ha eit møte så snart det er avklart kva tilbod som vert utlyst. På det første møtet må det lagast ei oversikt over utdanningane, kriteriar for å komme inn, søknadsfrist og korleis søke. Denne informasjonen må snarast råd ut til alle sakshandsamarar i NAV, flyktingtenesta, og vaksenopplæringa samt andre aktuelle samarbeidspartar.

Inntaksteamet vil ha ei viktig rolle i informasjonsarbeidet og rettleie gjennom søknadsprosessen dersom det er behov for det. Når søknadsfristen er ute, må teamet ha eit møte for å gå gjennom kandidatane. Kven er prioritert frå NAV og kor mange er kvalifisert. Det bør så sendast eit notat til skulane slik at dei har ein peikepinn på om det er grunnlag for oppstart. Det er viktig at dette teamet har jamlege møter.

Representant for flyktingtenesta sine oppgåver:

- Få ut informasjon til tilsette i flyktingtenesta samt vaksenopplæring.
- Informere om søknadsprosessen og kva som må leggast ved søknaden.
- Rettleie sakshandsamarane i å prøve ut kandidatar i praksis dersom det er aktuelt.
- Rettleie/ ha samtale med kandidatar der sakshandsamar er usikker på motivasjon og haldningar.
- Ettersjå at alle har opphaldsløyve.

- Sjå om søkjar har vedtak om introduksjonsprogram i delar av tida for utdanning.
- Orienterer rettleiingstenesta om kven flyktingtenesta prioriterer.

Representant for NAV sine oppgåver:

- Få ut informasjon til tilsette i NAV og aktuelle samarbeidspartar.
- Rettleie sakshandsamarane i å prøve ut kandidatar i praksis dersom det er aktuelt.
- Rettleie/ ha samtale med kandidatar der sakshandsamar er usikker på motivasjon og haldningar.
- Sjekke ut om den aktuelle kandidat kan ha rett på livsopphaldsytingar.
- Orienterer rettleiingstenesta om brukarar som er prioritert av NAV.

Representant for rettleiingstenesta sine oppgåver:

- Halde kontakt med sakshandsamarar for NAV og flyktingtenesta.
- Gå gjennom søknadane som kjem inn og etterlyse manglande dokumentasjon.
- Ha kontakt med «Inntak, forvaltning og sluttvurdering» (IFS), og være oppdatert på gjeldande regelverk.
- Sjå etter at inngåtte lokale samarbeidsavtalar om Gloppenmodellen vert følgt og ha dialog med dei ulike skulane.

Inntaksteamet gjer vurdering av kandidatane og lagar ei prioritert liste som vert sendt inntakskontoret i fylket. Her må det kome tydeleg fram kven som har vaksenrett og kven som er prioritert frå NAV og flyktingtenesta. Det er inntaksteamet som kjem med tilråding og prioritert liste, fylkeskommunen ved IFS gjer formelt vedtak om skuleplass.

I dette vedtaket vil det stå kva grunnlag dei er tildelt plass på. Her vil det være elvar som har vaksenrett, men som ikkje fyller kriteria for plass på utdanning etter Gloppenmodellen. Da vil dei få eit anna ordinært tilbod frå IFS. Vaksenrett åleine gjev ikkje rett til skuleplass på utdanning etter denne modellen.

Ved vurdering av kva kandidatar som kan ta ei fagutdanning gjennom Gloppenmodellen, ser inntaksteamet både på uttale frå rådgivar og frå praksisplass. Dersom teammedlemmane er usamde, bør sakshandsamarar frå NAV/flyktingtenesta få siste stemme. Dette da det er viktig å ta utgangspunkt i kandidaten sitt behov og motivasjon. I utgangspunktet skal kandidatane være kvalifisert, men teamet må vurdere om dei skal gjere unntak. Det kan vere vanskeleg å vurdere kandidaten sin progresjon på førehand, og vanskeleg å vite når dei er klare for vidaregåande skule. Det er derfor viktig at det er en viss fleksibilitet i planlegginga av nye klasser.

Det anbefalast å lage eit årshjul for aktivitetane til inntaksteamet. Under er eit forslag til tidspunkt, med atterhald om at det kan vere nokre kandidatar som vert aktuelle i løpet av våren:

Innan utgangen av februar same år som fagutdanninga startar:

- Programrådgivar/sakshandsamar har samtale med aktuelle kandidatar og sender ei oppsummering av samtala til inntaksteamet/rettleiartenesta.

Innan midten av mars same år som fagutdanninga startar:

- Inntaksteamet kjem med sine anbefalingar til kandidatar slik at kandidaten får legge inn søknad i VIGO innan 1.april. Søknadsfristen er sett til 1.april for alle som skal søke på vaksenopplæring i Nordfjord, då skulen må vite om det er grunnlag for oppstart innan starten av mai grunna lærarressursar. Det er i utgangspunktet ikkje lovfesta søknadsfrist for vaksenopplæring.
- Inntaksteamet har kontakt med praksis-kommunar/ bedrifter.
- Elevtalet i kvar kommune vert rekna ut i frå tilgjengelege praksisplassar. Skulane må ha praksisplassane/læreplassane på plass før inntak, slik at ein ser kvar plassane er og kva elevgrunnlaget er. Skulane kan få hjelp frå NAV sitt marknadsteam til å finne læreplassar. Dette betyr for eksempel; om fleire kommunar går saman om utdanning så vil kvar kommune få elevtal som svara til tal praksisplassar dei inngår kontrakt på. Ei kommune kan ikkje ha fire elevplassar om dei har to praksisplassar.
- Sakshandsamarane må sende si tilråding/fråråding til rettleiingstenesta så snart som mogleg. Denne tilrådinga skal innehalde informasjon om eventuell utprøving i praksis. Resultat av utprøvinga, samt uttale i høve kandidatens motivasjon og haldningar. I tillegg må dei gi ein uttale om dette er ein kandidat som dei ønskjer å prioritere. Sjå vedlagt skriv som kan sendast ut til rettleiaraane i NAV og flyktingtenesta.



5.5 Søknad tildeling og inntak

Inntaket startar når inntaksteamet eller fylkeskommunen vurderer ein kandidat som kvalifisert for opplæringsløpet. Dersom aktuell kandidat er under norskopplæring/ grunnskoleopplæring kan han/ ho få vedtak om plass under føresetnad om bestått opplæring.

- Det anbefalast at klassestorleiken ikkje overstig 12. Dette for at alle skal få eit godt læringsutbytte. Det bør ikkje er færre enn 8 deltakarar. Det med bakgrunn i at det skal vere økonomisk forsvarleg å starte opp.
- Kandidaten får innsikt i prosessen gjennom programrådgjevar/ rettleiar i NAV/utlyste utdanninga.
- Kommunen tek realkompetansevurdering og kostnadane ved det.
- Programrådgjevar/sakshandsamar i NAV bør få siste ord når det gjeld tildeling av opplæringsplass for søkjarar som er i introduksjonsprogrammet eller registrert i NAV. I andre tilfelle er det arbeidsgjevar som har siste ordet da det er dei som skal sikre praksis- og eventuelt læreplass.
- Fylkeskommunen sender vedtak om opplæringsplass, men med føresetnad om at arbeidsgjevar har godkjent og skrive under avtalen.
- Det skal skrivast enkeltvedtak for kvar deltakar, der det går fram at vedkomande får innvilga skuleplass.
- Det skal og skrivast eit vedtak som syner om deltakar er på utdanningstiltak i regi av NAV, er på introduksjonsprogram eller er innan integreringstilskotsperioden.

Dette må ligge ved søknaden:

- Vitnemål frå norsk grunnskule eller tilsvarande dokumentasjon frå heimlandet, eventuelt realkompetansevurdering.
- Uttale frå sakshandsamar der det går fram at dette er ein kandidat kommunen/NAV vil satse på og dekke utgiftene til skuleplass for.
- Uttale frå praksisplass/sakshandsamar etter utprøving i praksis (til dei utdanningane der dette er tenleg og kan gjennomførast). Dersom praksis ikkje kan gjennomførast før inntak må det gå fram i eige skriv.
- Dokumentasjon på opphald.



6. Organisering av praksis og tilrettelegging av undervisning

For å vere deltakar i Gloppenmodellen er det ikkje avgjerande å ha vaksenrett. Manglar kandidaten grunnskule engelsk, kan ein tilby det som ein del av opplæringa. Sjå kapittel 1.2 for meir om dette. Etter lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §4A-3, har vaksne utan fullført vidaregåande opplæring rett til slik opplæring frå og med det året dei fyller 25 år. Den same retten har vaksne som har fullført vidaregåande opplæring frå eit anna land, men ikkje fått den godkjent som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg. Opplæringa som blir gitt den vaksne skal i følgje opplæringslova, tilpassast behovet til den enkelte. Det anbefalast å ha kontaktlærer for elevane i Gloppenmodellen. Kontaktlæraren kan ha kontakt med NAV og flyktingteneste, og bidra til å ivareta elevanes interesser og rettigheter.

Gloppenmodellen er godkjent som vekslingsmodell, ein alternativ fagutdanningsmodell der opplæringa vekslar mellom skule og bedrift gjennom heile løpet. Innhald, kompetanssmål og forhold mellom programfag og fellesfag er som eit ordinært løp for yrkesfaglege studieprogram. Det er opp til skuleeigar å bestemme kva trinn ein vel å leggje fag og timefordeling, men det må sikre progresjon i faga og at opplæringa samla sett følgjer den ordinære fag- og timefordelinga (Utdanningsdirektoratet, 2021*).



* Fag- og timefordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet Udir-1-2017

6.1 Erfaringar

Ved oppstart av nytt kull, er det alltid ein del vanskar med kommunikasjon som følgje av dårleg/ manglande språkforståing. Trygge rammer og gode relasjonar er viktig for deltakaren sitt læringsutbytte. Som lærar må en våge å by på seg sjølv. I klasser med fleire minoritetar, må lærarane ofte minne deltakarane om å bruke norsk språk på skulen. Dette gir god mengdetrening og hindrar at andre føler seg utanfor.

Skulen erfarer at deltakarane får raskare progresjon i det norske språket ved å vere ute i praksis. Det gjev gode moglegheiter for å knytte teori til praksis tidleg i opplæringsløpet. Deltakarane får lære korleis arbeidslivet fungerer ved å ta ansvar. Det vert stilt krav og forventningar til dei. Ved å komme tidleg ut i arbeidslivet, vert dei raskare integrert i det norske samfunnet.

Manglande språkkunnskapar kan vere ei utfordring og hindring i undervisningssituasjonar. Ikkje minst er dette ei utfordring når deltakarane skal ut i praksis rundt om i kommunar, tannhelseteneste og private bedrifter. Språk og språkforståing er viktig for at arbeidet skal bli utført på rett måte, til rett tid og rett stad. Det er viktig for å skape tryggleik og tillit mellom deltakar og brukarar, og mellom deltakar og rettleiar/ kollegaer. Erfaringa er at det er nødvendig å drive eit langvarig haldningsarbeid. Det er viktig å be praksisplassane om å gi deltakarane tid. Dei treng tid for å tilpasse seg språk, arbeidskultur, og bli ein del av praksisfellesskapet. Å starte første samtale mellom deltakar, praksisrettleiar og lærar med: "Han er alt for dårleg i norsk" er ikkje rette vegen å gå for å skape tryggleik og tillit i ein læresituasjon. Det er stort sett dedikerte deltakarar. Dei har eit ønske om å lære. Mange har ulik arbeidserfaring frå eige land. Dei går på skule for å få seg ei utdanning, etter kvart eit arbeid og vere ein bidragsytar for samfunnet. Deltakarane vil vere uavhengige og stå på egne bein.

Tett oppfølging i praksisfeltet frå faglærarane i skulen, er alfa og omega. Det skapar gode vurderingssituasjonar, god kontakt med praksisfeltet og moglegheit for å tidleg avklare eventuelle misforståingar. Det er positivt for deltakarane at læraren er på oppfølging. Det er ikkje alltid det er samsvar mellom teori og praksis, og deltakarane gjer seg erfaringar undervegs i arbeidet. Det at faglærer kjem på oppfølging, er med og deltar i arbeidet i lag med deltakaren, gjev gode rom for diskusjon og refleksjon. Ved mange skuler er ikkje praksisoppfølging etter denne metoden praktisert, men lærarane sine erfaringar, er at dette er ein av suksessfaktorane med modellen. Det skapar gode relasjonar og nærleik til praksisfeltet. Praksisoppfølging er så mykje meir enn ei samtale mellom deltakar, rettleiar/ leiar og lærar. Det gjev rom for å skape ein arbeidssituasjon der

deltakaren får vist sine praktiske ferdigheiter, haldningar og kunnskapar i eit miljø, og eit arbeid som han opplever som relevant.

Når det gjeld praksis for fulltidsdeltakarar er hovudregel at slik praksis er utan løn. Det kjem ofte opp spørsmål om deltakar kan bytte praksisvakt mot lønna vakt. Dette skal ikkje godkjennast. Når dei har praksis som ein del av utdanninga, er det ein av komponentane som gjer at dette er eit fulltidsprogram. Dette utløyser mellom anna stipend frå Statens lånekasse. Utfordringane for mange vaksne deltakarar er dårleg økonomi som følgje av at dei har eit forsørgjaransvar. Det kan føre til at dei har tatt betalte vakter/ arbeid i staden for å gå i rettleia praksis. Skule, kommune og opplæringskontor erfarte at dette igjen kunne føre til at enkelte fekk få timar med rettleia praksis. For å unngå det, blei det bestemt at deltakarane ikkje skulle ha betalte vakter som godkjent praksis. Ved at deltakarane valte betalte vakter framfor praksis, fekk dei ikkje den oppfølginga/ rettleiinga dei ville fått ved å gå på toppen. Nokre deltakarar har kanskje tiltakspengar eller sosialhjelp. Da er det viktig at en held seg til regelverket, slik at dei unngår tilbakebetalingssak eller i verste fall blir meldt for å jobbe utan å gje det opp. Ved at partane inngjekk avtale om at betalte vakter ikkje skulle vere ein del av praksis, fekk det for ein del deltakarar ganske stor konsekvens. Nokre måtte søke om stønad for livsopphold i periodar kor økonomien var dårleg og andre arbeider det dei kan utanom skuletida. Deltakarane ønskjer først og fremst å vere sjølvstendige, klare seg utan sosialhjelp, men for enkelte er livsopphald stønad ei løysing for å klare seg økonomisk gjennom kvardagen.

Gjennom åra har samarbeidspartane erfart at deltakarane sin økonomi kan vere ei utfordring. Det skjer ganske ofte at dei kjem til lærar eller praksisplass med sine problem. Dette er verken skule eller praksisplass sine oppgåver å handsame, men det viser at eit tett samarbeid mellom skule og flyktingtenesta er viktig. Deltakarane treng kjennskap til og forståing for, kva det betyr å gå på skule og korleis takle dei utfordringar som måtte komme undervegs. Det er viktig å avklare kven som har dei ulike rollene slik at deltakarane får den hjelpa dei treng og har rett på. Det vert tilrådd å invitere flyktingtenesta inn i klassen i starten av skuleåret, der ein blant anna kan snakke om tema som kulturforskjellar i praksis, forventningar, korleis opptre i forhold til praksisplass/ arbeidsgjevar og økonomi gjennom opplæringa. Det vil sikre deltakarane lik informasjon avhengig av kva kommune dei kjem ifrå.

For dei arbeidsgjevarane som har mange i praksis, er det viktig å fordele belastning internt i bedrifta. Dersom skulen har deltakarar frå mange ulike kommunar i regionen, kan det bli mange kontaktar å halde seg til når det

gjeld praksis. Det vert tilrådd at det i kommunar med mange deltakarar er ein person som koordinerer og har dialog med skulen angående fordeling av praksisplassar. Det gjer det lettare å halde oversikt, både for skule og arbeidsgjevar og det gjev betre kontinuitet og forutsigbarheit gjennom opplæringa. Elles er det viktig at skulen har oppdatert kontaktinformasjon til avdeling/ bedrift, slik at beskjedane når fram.



“Det er til dels krevjande å undervise minoritetsspråklege med manglande språkferdigheiter i norsk, og ei litt anna kulturforståing enn kva vi er vante med. Det kan bli litt frustrasjon og irritasjon i kvardagen, men det blir fort gløymt når ein ser kva skule og arbeid etterkvart betyr for denne gruppa.”

Anette Aske Sollid

Faglærer
Firda Vidaregåande skule

6.2 Programfag og fellesfag

Fordelinga av fellesfag er basert på nye læreplanar etter fagfornyninga, LK20. Under er fag fordelt på dei ulike skuleåra beskrive

Første skuleår

- Programfag.
- “Støttenorsk.” (sjå kapittel 6.4 for meir informasjon)
- Evt. grunnskule engelsk
- Om en ikkje treng å tilby grunnskule engelsk, er det lurt å legge inn eit anna fellesfag. Kva fellesfag en vel, er opp til kvar enkelt skule, men det kan vere lurt å velje eit fag som kan sjåast i samanheng med programfaget. Til dømes for helse- og oppvekstfag er naturfag eit fag som kan knytast opp mot læreplanar i både helsefremjande arbeid og yrkesutøving.

Andre skuleår


- Programfag og avsluttande tverrfagleg eksamen

- “Støttenorsk.”
- Eit fellesfag. Jamfør første skuleår.

Tredje skuleår


- Resterande fellesfag ut av dei fem obligatoriske (matematikk, norsk, engelsk, naturfag og samfunnskunnskap).
- For å sikre relevans til yrkesfaga, bør det setjast av ein lærar ressurs frå programområde. Ressursen kan brukast til samarbeid med fellesfaglærarane av tverrfaglege tema og reise ut på praksisbesøk i starten av skuleåret for å rettleie/ hjelpe deltakar og praksiskontakt i gong med praksisen. Det kan vere lurt å setje av tid til startsamtale/ forventningssamtale, undervegs samtale og sluttsamtale.

Figuren under illustrerer korleis prosessen fram til fagbrev for helsefag, betong og polymerteknikk har vore lagt opp i Gloppenmodellen. Dette er meint som eit eksempel på korleis en kan leggje opp løp etter Gloppenmodellen for fagutdanningar som fører til fagbrev:



Figur 3: Praktisk gjennomføring av fagutdanning som gjev yrkeskompetanse med fag- eller sveinebrev

Proessen fram til yrkeskompetanse utan fag- og sveinebrev, som i Gloppenmodellen førebels har handla om tannhelsesekretærutdanninga, er illustrert i figuren under. Dette er meint som eit døme på korleis en kan legge opp eit løp etter Gloppenmodellen for fagutdanningar som fører til slik yrkeskompetanse:



Figur 4: Praktisk gjennomføring av fagutdanning som gjev yrkeskompetanse utan fag- eller sveinebrev

6.3 Fordeling mellom praksis og undervisning

Ei yrkesfagleg utdanning har som føremål å ha ein kombinasjon av teori og praksis. For Gloppenmodellen har det vore viktig å få deltakarane tidleg ut i praksis. Det betyr mykje for læringa og ikkje minst språkutviklinga, at deltakaren kjem tidleg ut i yrkeslivet og kan praktisere kunnskapen han opparbeider seg i skulen.

Gjennom åra har skulen gjort ein del erfaringar når det gjeld fordeling av praksis og teori, ein har endra og tilpassa undervegs. For å leggje til rette for deltakarar som ikkje har godkjent krav om engelsk grunnskule, har dei fått tilbod om å ta det gjennom første året i fagutdanninga. Det gjer at deltakaren kjem tidlegare i gong med utdanninga, men samtidig kan det gå utover tal timar praksis. Ein må fordele timane på skulen over tre dagar i staden for to. Det anbefalast å bruke litt tid på planlegging og organisering av fag og timeplan.

Det viktigaste å tenkje på når det gjeld fordelinga er

- Er deltakarane kvalifiserte til vidaregåande opplæring.
- Ekstra norsk ressurs både første og andre året («støttenorsk»).
- Kva fellesfag skal ein leggje til dei ulike åra for å få mest mogleg samanheng i opplæringa. Dette bør henge saman med kva fellesfag som er viktige for programområdet.
- Om det er sett av ressursar til praksisoppfølging, bør ein del av undervisninga skje ute i YFF og praksis. Dei to første åra i skulen har deltakarane oppfølging i praksis av faglærar. Det siste året har dei ikkje det da dei er ferdige med programfag etter andre året. Desto viktigare er det at deltakaren sjølv tar ansvar og vel kompetanssmål frå læreplan i faget på vg3 nivå i lag med praksis rettleiar.

6.4 Manglande språkkunnskap

Det er veldig ulikt norsknivå hos vaksne minoritetsspråklege deltakarar. Dei opplever at det er vanskeleg å følge undervisninga i vidaregåande skule på norsk. For å støtte deltakarane i språkutviklinga, bør ein legge til rette for forsterka norskopplæring. I Gloppenmodellen har ein kalla dette «støttenorsk», og det utgjer nitti minutt i veka. Erfaringane skulen har gjort seg, er at det er behov for støttenorsk dei to fyrste åra. Målet med opplæringa er å styrke og utvikle deltakarane sitt norske språk, både skriftleg og munnleg. Det er viktig med tett samarbeid mellom faglærarane og at programfaglærar og norsklærar arbeider parallelt. Dette handlar om

at deltakarane skal få hjelp til å få ei forståing av fagomgrep og skrivetrening.

Tiltak for tilrettelegging av manglande språkkunnskap:

- Mange har utfordringar med å lese seg gjennom læreverk frå perm til perm. Med utgangspunkt i læreplanar, bruker lærarane handlingsrommet og trekk ut det som dei meiner er det viktigaste og mest elementære kunnskap for deltakarane å lære på vegen mot eit fag og yrke. Dei lagar forenkla undervisningsmaterieill for å summere teori i eit enklare språk og forenkla med kulepunkt.
- Det kan vere nyttig med tilgang til utstyr, modellar og verktøy på skulen slik at lærarar kan bruke dette i innlæringa av faguttrykk og som eit supplement til norskundervisninga.
- Dersom deltakarane manglar engelsk på grunnskulenivå bør det leggast til rette for at engelsk på grunnskulenivå kan gjennomførast i første klasse (om nødvendig, auke tal dagar på skulen frå 2 til 3).
- Ved planlegging av «støttenorsk timane» bør ein ta utgangspunkt i læreplan i grunnleggande norsk for språklege minoritetar (NOR07-02). Ein måte å gjere dette på, er å ha nivå 1 gjennom hausthalvåret, nivå 2 gjennom vårhalvåret og nivå 3 neste haust. Er det stor progresjon i språk, kan ein starte med å introdusere den ordinære læreplanen i faget. For vaksne med anna morsmål enn norsk, føl ein læreplan i norsk for språklege minoritetar med kort butid i Noreg - vidaregåande opplæring (NOR09-04).
- Det anbefalast også å ha ei kartleggingsprøve i norsk ved oppstart.

«Språket var utfordrande i starten. Eg var ny i Norge og familie-situasjonen og andre problem gjorde at eg ikkje kunne konsentrere meg i klassen. Det å være elev på Gloppenmodellen hjalp meg til å gjere meir innsats og til å lese mykje. Lærarane har jobba mykje med fag og andre ting. Dei har vore tolmodige og kjem kvar dag med godt humør. Dette gjer at vi blir ein familie, og eg gleder meg alltid til å komme på skulen.»

Samra Ytbarek
Helsefagarbeidar
og tidlegare elev i Gloppenmodellen

6.5 Praksis

Gjennom skuleåra har deltakarane to og tre dagar praksis for veka (avheng av kor mange dagar dei har undervisning på skulen). Før praksis i første år av opplæringa, legg ein til rette for praktiske øvingar/ prosedyrar på skulen, og har gjerne deltakarane inne på skulen i ein måned før dei startar praksisen. Deltakarane i andre og tredje klasse, begynner i praksis i starten av skuleåret. Ein av praksisdagane går til programfaget YFF (yrkesfagleg fordjuping). Deltakarane skal ha vurdering i faget. Det er primært faglærer sitt ansvar. For å sikre formative og summative vurderingar av god kvalitet og progresjon hos deltakar, får han oppfølging i praksis av faglærer. Andre forventningar til faglærer/ skule:

- Sørgjer for at praksisfeltet er orientert om plan for praksis.
- Rettleie deltakarane i teori og praksis.
- Rettleie deltakarane i skriftleg arbeid.
- Er støtteperson for deltakar og praksisstad/rettleiar.
- Pliktar å være orientert om deltakar si faglege utvikling.

Det anbefalast 3-4 praksisoppfølgingar i løpet av skuleåret. Ein legg til rette for tettare oppfølging av enkelte deltakarar ved behov. Ei praksisoppfølging kan til dømes vere:

- Starte besøket med ei samtale med den som har ansvar for deltakar. Når samtalen er gjennomført, beveger lærar og praksisansvarleg seg ut i bedrifta og snakkar med deltakar på arbeidsplassen.
- Vere aktivt med i deltakar sitt praktiske arbeid.
- Observasjon av deltakar under praktisk arbeid. Dokumenterer gjerne arbeidet med å ta bilde. Deltakar viser og forklarar for faglærer kva arbeid han driv med.
- Samtale med deltakar/ rettleiar/ avdelingsleiar i etterkant av besøket.

Deltakaren skal ha tildelt praksisrettleiar på arbeidsstaden. Rettleiaren vurderer deltakar undervegs og gjev tilbakemeldingar. Skulen ber om at rettleiar fyller ut «skjema for vurdering og læring i praksis,» ca.1 gong per måned. Vurderingsskjemaet har betydning for at deltakaren skal kunne lære og utvikle seg undervegs i skuleåret. Det er eit godt hjelpemiddel for lærarane når dei skal gjere si vurdering av deltakar på slutten av skuleåret. Andre forventningar til arbeidsstad og rettleiar:

- Er deltakar sin ressursperson og rettleiar i faglege spørsmål.
- Samarbeider med deltakar om framdrift og utvikling i praksis.
- Gjev deltakar auka utfordringar i høve til si utvikling og vekst.
- Tar kontakt med lærar ved eventuelle problem.

På lik linje med vanlege arbeidstakarar, skal rettleiar stille krav og ha forventningar til deltakaren. Dette inneber blant anna at deltakar:

- Syner interesse for fagleg og personleg utvikling.
- Er aktiv deltakande i arbeidsmiljøet.
- Er aktiv i å oppsøkje læresituasjonar og søkje rettleiing.
- Tar kontakt med lærar ved aktuelle problem.
- Møter presis.
- Melder frå om fråvær ved å kontakte arbeidsplassen og lærar. Fører fråværs skjema
- Følgjer arbeidsplassen sine reglar for bruk av arbeidstøy.
- Leverer praksislogg ca. ei gong per måned.

Deltakar som har anbefalt plass frå NAV eller flyktningtenesta bør fortsatt ha tett dialog med sakshandsamar.

«Opplegget i Gløppenmodellen med praksis over fleire år, gir breidde i opplæringa på tross av lite tidlegare erfaring med praktisk arbeid. Det gir og bedrifta mogleighet for å bruke deltakarane på fleire stasjonar etter avslutta lærlingtid.»

Dag Ståle Leivdal

konserndirektør produksjon Bano-gruppen

Nokre deltakarar har relevant arbeidserfaring før dei startar fagutdanninga. Dei som har det, kan til dels søkje om godkjenning i YFF-faget basert på tidlegare praksis, eller det kan korte ned læretida til deltakaren.

Målgruppa er vaksne menneske og mange er i ei tid av livet da dei skal stifte familie. Gjennom åra er det ein god del deltakarar som har vore gravide og født born. Mange er blitt anbefalt å søkje permisjon eit heilt skuleår, andre har klart å følgje undervisninga i skulen, men kanskje ikkje vore i praksis. YFF er eit fag deltakaren skal ha vurdering i. For å få det, har lærarane laga oppgåver som deltakaren har jobba med heimanfrå. Når det

gjeld manglande timar i praksis, kan deltakarane ta igjen desse medan dei er lærlingar. Det bør vere etter avtale med lærebedrift, då det kan auke læretida og dermed kostnaden til bedrifta. Fråvær i praksis gjev lengre læretid, men diskvalifiserer ikkje å starte i lære.

Ein anbefalar at deltakarane allereie frå første praksisdag, fører timar for oppmøte/ fråvær. Skulen har skjema som både deltakar og praksisstad får tilgang til. Førast ikkje fråvær, er det vanskeleg å rekne ut eksakt tal timar dei ulike deltakarane har i praksis. Dette er viktig med tanke på læretida. Skulen sender timetal for kvar enkelt deltakar til opplæringskontoret slik at dei får oversikt over kor mykje praksis som manglar.



6.6 Praktisk tilrettelegging

Den vaksne si opplæring skal tilpassast behovet til den enkelte, jf. opplæringslova §4A. Det førast fråvæer, men fråværet er ikkje teljande på vitnemålet. Dette gjer skulen for å ha dokumentasjon i eit evt. manglande vurderingsgrunnlag. Deltakaren pliktar å møte i vurderingssituasjonar, det finst ikkje unntak for dette. Det er viktig at faglærar gjer deltakar merksam på at han/ho er plikta til å møte i vurderingssituasjonar om opplæringa skal bli bestått. Skulle ein ved terminens slutt kome dit at det er manglande vurderingsgrunnlag for deltakaren, bør det utvisast noko fleksibilitet og leggjast til rette for å få han igjennom. Ein måte å legge til rette på, er at faglærar kan bruke YFF og praksisbesøk som ein del av vurderinga om deltakar er informert om det. Gjennom praksisbesøka observerer faglærar deltakaren i både kjente og ukjente situasjonar av praktisk arbeid. Deltakaren har anledning til å vise både kunnskap, ferdigheiter og haldningar i eit arbeidsmiljø.

Mange vaksne minoritetsspråklege deltakarar har problem med å uttrykkje seg skriftleg, spesielt første året. Etter skriftlege vurderingssituasjonar kan ein organisere ein munnleg prøve slik at deltakarane får fleire moglegheiter til å formidle kunnskapen. Dei har ofte lettare for å uttrykkje praksiskunnskapen sin munnleg enn skriftleg. I tillegg har deltakarane ofte ein vanskeleg livssituasjon. Dei har ei livshistorie og erfaringar frå tidlegare. Mange har lite nettverk, språkutfordringar og utfordrande familie og forsørgjar situasjon. Fleire av deltakarane har lang reiseveg til undervisningsstad. Det kan av den grunn vere ei løysing å legge til rette for dagar med heimearbeid om det er spesielle behov i gruppa. Då kan det være nødvendig å lage eigen plan til den det gjeld og ha kontakt via digitale verktøy, blant anna OneNote og Teams. Timetalet føl læreplan i faga. Noko av teoriundervisninga blir gjennomført i praksisfeltet, ein til ein.

«Da læraren hadde retta heildagsprøva fekk eg moglegheit til å ha ei munnleg prøve for å utdjupa svara mine. Det var veldig bra å ha ei munnleg prøve etter skriftleg prøve, og få moglegheit til å rette opp i misforståingar.»

**Deltakar i Gloppenmodellen
Helsefag VG1**

7. Digital undervisning

Skuleåra 19/20 og 20/21 blei annleis grunna korona pandemien. For minoritetsspråklege deltakarar blei dette ekstra krevjande. Det å gå frå fysisk oppmøte på skule og praksis, til digital heimeundervisning blei ein stor overgang. Heldigvis var deltakarane vande med skriftleg arbeid og innleveringar i Teams og OneNote før pandemiens utbrot, men da med god støtte og rettleiing frå lærarar og e-pedagogar som var til stades i klasserommet.

7.1 Erfaringar

Når det gjeld kompetanse i digitale ferdigheiter hos vaksne minoritetsspråklege deltakarar, er den svært ulik. Dei kjem frå ulike kulturar, nokre har utdanning frå heimlandet, andre har eit minimum av skulegang. Enkelte har ikkje brukt datamaskin før dei starta i introduksjonsprogrammet. Gjennom åra har skulen erfart at ein bruker mykje tid på å lære deltakarane å ta i bruk ei datamaskin og bli trygge på bruken av den.

Ei kartleggingsprøve i digitale ferdigheiter/ IKT kompetanse i starten av skuleåret er å anbefale. Skulen har ikkje praktisert dette sjølv, men gjennom erfaringar ser ein kor nyttig ei slik prøve kan vere for at kvar enkelt skal få hjelp og støtte der behovet er. Det vil og vere til hjelp og vurdering i ein situasjon der ein deltakar ønskjer å følgje deler av undervisninga digitalt. Skulen er ikkje kjent med at det finst kartleggingsprøver som er tilpassa deltakarane sine behov og ser no på moglegheita for å utarbeide ei digital kartleggingsprøve. Ei slik prøve bør kartlegge ferdighetar i tekst og skriveprogram, og digitale kommunikasjonsplattformer som skulen bruker.

Erfaringane skulen har gjort seg gjennom korona pandemien når det gjeld digital undervisning for deltakarane i fagutdanninga, er blanda. Det å plutseleg skulle ta ansvar for å få med seg beskjedar, logge seg på undervisning til rett tid, levere arbeid og i nokre tilfelle jobbe med dårleg tilgang til internett, blei ein særskilt krevjande kvardag. For nokre fungerte det, for andre fungerte det ikkje i det heile. Skulen erfarte at ressurssterke deltakarar klarte kvardagen, medan dei som strevde i ein normal skulekvardag fekk det enda vanskelegare. Dei hadde store problem med å henge med i undervisninga.

I tillegg hadde mange av deltakarane born i barnehage- og skulealder. Lærarane erfarte at eigen arbeidsdag gjerne starta tidleg morgon for å hjelpe dei som var aleine og ikkje hadde omsyn å ta, og slutta ofte ikkje før det var blitt langt på kveld da dei med små born måtte ty til kveldsarbeid.

Dette var svært krevjande for alle partar over tid.

For å få litt struktur på heimeundervisninga, erfarte læraren at det blei viktig å følgje timeplanen. Ein starta dagen med eit Teams møte der ein la fram planane for dagen. Kva dei måtte arbeide med på eigenhand og ulike måtar å arbeide med fagstoffet på. Foreldra sin skule blei ofte ikkje prioritert og lærarane erfarte at eigeninnsatsen var ganske minimal. Etterkvart som lærarane såg at det blei vanskeleg for deltakarane å følgje med og sikre progresjon i faga, gjekk dei over til å holde undervisningstidane via møte i Teams. Deltakarane vil gjerne ha PowerPoint der lærarane har trekt ut dei viktigaste frå kompetansemål og tema. Ein delte skjerm med dei og snakka seg gjennom tema. Deltakarane fekk kome med spørsmål og eigen refleksjon. Dei fekk oppgåver å jobbe med, og som ei avslutning av undervisningsøkta logga alle på nytt møte og hadde felles repetisjon. Uansett kor mykje og grundig det blei undervist via skjerm, har ein erfart at deltakarane hadde lågare læringsutbytte enn ved fysisk oppmøte på skulen.

7.2 Digital undervisning som ein del av praktisk tilrettelegging

For deltakarar med lang reiseveg, eller som vel å vere heime av andre årsaker, kan digital undervisning og heimeskule vere ein måte å leggje til rette skulekvardagen på. Deltakaren får på den måten vere ein del av klassen, sjølv om han/ ho ikkje er fysisk til stade i rommet.

Ein kan og tenkje at ei fagutdanning med kombinasjon av fysisk oppmøte på skule og digital undervisning for alle deltakarar gjennom skuleåret, kanskje vil føre til at fleire vaksne vel å ta ei fagutdanning. Ein lærdom frå koronapandemien er at det finnast digitale moglegheiter, og ikkje avgrensingar. Mykje kan undervisast og lærast gjennom skjerm, om ein kan klare å leggje til rette for det og finne gode, praktiske løysingar. Skal ein planlegge for ei fagutdanning med kombinasjon av digital undervisning og fysisk oppmøte på skule, må ein ta med at eit yrkesfag er eit praktisk fag. Alt kan ikkje lærast i klasserommet eller over skjerm. Deltakarane må få moglegheit til å arbeide aktivt på skulen sine læringsrom/ læringsverkstad og få kjennskap til realistiske arbeidssituasjonar gjennom praksis.

Eksempel på praktisk tilrettelegging:

- Videomøte, for eksempel i Teams. Kople på deltakaren i starten av timen. På denne måten får han/ho med seg det som skjer i klasse rommet og moglegheit for å vere aktivt deltakande; kome med innspel og spørsmål til både med-deltakarar og lærar.
- Oppgåverelatert arbeid i digitale plattformer, f.eks. OneNote. Lærar kan gå inn å rettleie og gi tilbakemelding til deltakaren undervegs.
- Digitale vurderingssituasjonar, for eksempel med oppgåve funksjonen i Teams, kan ein gi ut prøve/ vurdering i Forms. Det er i tillegg viktig å lage klare og tydelege avtalar med deltakarar som har tilrettelegging, om oppmøte på enkelte vurderingssituasjonar. Det er praktiske fag og det er ikkje alt som skal vurderast digitalt eller er like enkelt å vurdere over skjerm. Det er viktig å få vurderingssituasjonane tidleg inn i planane, slik at det er forutsigbart for deltakar å planleggje skulekvardagen.

“For meg som har fått baby i løpet av skuleåret, er det fint at eg kan følgje med på undervisninga frå dataen min heime. Det er en grei måte for å ikkje miste skuleåret. Det er ikkje lett, men det er heller ikkje umogleg. Når det er prøver/ vurdering på skulen, kjem eg til dei”

Loransa Raei
Elev andre året helsefag.

8. Ansvar i læretida

Læretida vert definert i tal timar (tilsvarande 2 år) og godskriven praksis blir med i teljinga. Opplæringskontoret gjer berekningar kontinuerleg slik at ein har oversikt over kor lang tid deltakar har igjen. Opplæringskontoret er eit viktig bindeledd mellom skulen, lærebedriftene og lærlingane. Dei har saman med bedriftene og ansvar for oppfølginga av deltakarane når dei blir lærlingar i fjerde året. Saman med lærebedrifta ordnar dei det administrative kring lærlingen, følgjer opp lærlingen med jamlege samtalar og kvalitetssikrar at lærlingen får den opplæringa han/ho har krav på. I tillegg arrangerer dei ulike sosiale samlingar for lærlingane. I lag med kommune/ bedrift førebur dei lærlingen til fagprøve og har ansvaret for at læretida blir best mogleg for den enkelte.

For å ivareta lærlingen på ein best mogleg måte i læreprosessen bør det vere tett samarbeid med opplæringskontor, leiar på arbeidsplass, instruktør og lærling. Ein bør bruke same oppfølgings- og dokumentasjonsplattform som andre lærlingar. For å førebu og sikre at lærlingen er klar for fagprøve, bør ein legge til rette for å arrangere mini-fagprøver slik at han/ho får eit innblikk i kva ei fagprøve dreier seg om. Dette er ei god øving som er med på å trygge lærlingen.

«Gloppenmodellen er ein fantastisk mogelegheit for vaksne og minoritetsspråklege til både integrering og det å få ta utdanning. Det er særst givande og meningsfullt å få lov å jobbe med kandidatane i Gloppenmodellen. Igjennom eit tett samarbeid mellom partane sikrar ein både samfunnet og den enkelte kandidat naudsynt kompetanse, og igjennom dette gode og meningsfulle liv for den enkelte der ein aktiv får delta i yrkeslivet. Ei viktig erfaring er at ein tidleg i elev-løpet har eit tett samspel mellom kommunane/lærebedrift, skule, og opplæringskontor både for å planleggje, kvalitetssikre opplæringa, skape forståing, jobbe med samanheng mellom teori og praksis, og sørge for at kandidatane er best mogeleg rusta til både læretid og det å ta fagbrev.»

Tom-Øyvind Solheim
Supersjef
Nordfjord Opplæringskontor



8.1 Erfaringar

Til no er det berre innafor helsefag at deltakarane har kome så langt i løpet at dei har starta i lære. Erfaringane baserer seg av den grunn på denne fagutdanninga.

I Gloppen kommune har lærlingar etter helsefag i Gloppenmodellen fått lærekontraktar med avtale om 50% stilling som vert avslutta når dei er ferdig med læretida. Då kommunen til ei kvar tid har mange lærlingar i sektoren, har dei av økonomisk omsyn vurdert at dei ikkje kan tilby meir enn 50 % stilling. Lærlingane vert rekna som vaksenlærlingar og får lønn som assistent med tillegg for kveld og helg for aktuelle vakter. I tillegg til 50% lærling stilling, tek dei fleste av lærlingane ekstravakter. Erfaringa frå Gloppen er at dei fleste arbeider tilnærma 100% stilling. Dette betyr at dei vert raskare ferdige med læretida. På etterspurnad sender økonomiavdelinga oversikt over kor mykje lærlingane har arbeidd ein gitt periode til opplæringskontoret som gjer ny berekning av lengde på læretida som står att.

«Det beste er å jobbe med en norsk mann for å lære norsk. Han må ha erfaring og kunnskap.»

**Tidlegare deltakar i Gloppenmodellen,
nå i lære i plast og polymerkomposittfag**

8.2 Utarbeiding av lærekontrakt

Kommune, fylkeskommune eller privat bedrift skriv lærlingkontrakt til dei deltakarane som er funnet kvalifisert for det. Er bedrifta eller kommunen medlem i opplæringskontor, er det opplæringskontoret som inngår lærekontrakt med kandidaten, medan bedrifta inngår sjølve arbeidsavtalen.

Dette kan gjerast på fleire måtar, to dømer kan vere:

- Lærlingkontrakt i 100 % stilling i 1 år.
- Lærlingkontrakt i 50 % stilling over 2 år. Dei fleste vert ferdig på kortare tid då dei vanlegvis arbeider meir enn 50% stilling (dei går inn i vakante stillingar/ vikarvakter).

Løn må minimum følge tariff for lærling. Deltakarane frå Gloppenmodellen har kun eit år som lærling og nokre kommunar har difor valt å gje løn utover tariff, for eksempel assistentlønn.

8.3 Fordeling av lærlingar

Fordeling av lærlingar er særleg aktuelt for bransjar med mange lærlingar og stort press på dei ulike einingane. Dette har blant anna vore tilfellet for helsefagutdanninga. For å fordele helsefaglærlingar og praksiselevar best mogleg i helse- og omsorgssektoren, har Gloppen kommune etablert ei gruppe av lærlingansvarleg, aktuelle einingsleiarar og opplæringskontor. Gruppa møtast tre gonger per år og lagar plan for fordeling og rullering av alle helsefag-lærlingar og elevar i sektoren for kvart halvår. Dette har vore viktig for å få ei god fordeling mellom einingane og gje lærlingane den praksisen som dei har behov for gjennom løpet. Det har vore viktig å treffast tre gonger per år for å kunne justere ut i frå behov og endringar både hjå lærling, elev og aktuell eining.

Dette kan oppsummerast slik:

- Arbeidsgivar har ein oversikt over alle lærlingar som er i systemet.
- Fordeling vert gjort i samarbeid med lærlingansvarleg, aktuelle einingsleiarar og opplæringskontor.
- Kommune, fylkeskommune, privat bedrift har ein plan for rullering (for kommunen har dette vore kvart halvår).
- Leiar/Einingsleiarane er fagleg ansvarleg for lærlingar.

8.4 Finansiering av læretid

- Kommune, fylkeskommune, privat bedrift får lærlingtilskot som dekker noko av løna til lærlingane.
- Lønsmidlar til vakante vakter og vikarar ligg i budsjett.
- Kommunane kan og nokre år søke om tilskot frå KS.

9. Brukarstyrt evaluering

9.1 Innhenting av tall og statistikk

Dei forskjellige aktørane bør bruke måltal og resultat frå eiga rapportering frå årshjulet. Eksemplar på tall og statistikk kan vere tertialrapportar for flyktningtenesta, NAV sine måltal for tiltaksplassar, samt fylkeskommunens statistikk frå VIGO og karaktersetting. Sentralt i innhenting av tall og statistikk er oppfølginga av dei enkelte deltakarane. Det anbefalast å følge kvar enkelt deltakar gjennom eksisterande oppfølgingsmøter (eks. individuell plan, eller individuelle opplæringsplanar). Denne oppfølginga kan gi grunnlag for å samle oversiktar for kull basert på dei enkelte sine måloppnåing.

9.2 Brukarmedverknad

For å sikre eit best mogleg læringsmiljø, er det av stor betydning at deltakar sjølv får vere med å medverke. Det handlar om den enkelte si læring og gruppa som heilskap. Deltakarane føl ordinær læreplan i faga. Det er stort pensum, mykje kunnskap og ferdigheiter som skal tileignast. Mange av deltakarane som har fått opplæring etter Gloppenmodellen, kjem frå ein autoritær læringskultur. Brukarmedverknad er ukjent og noko ein må arbeide med i klassefelleskapet.

Brukarmedverknad i skule

- Tilpassa opplæring ut i frå kvart enkelt individ sin livssituasjon. Er det ein deltakar som har ein krevjande kvardag og lang reiseveg, bør ein ta omsyn og leggje til rette for at vedkommande kan ha heimeskule f.eks. ein dag for veka om han meistrar det.
- Ved yrkesretting av fellesfag, bruk deltakarane. Dei opparbeida seg mykje praksisteori, den må dei få bruke også i fellesfaga for at dei skal få ei opplæring som er og kjennast relevant.

Brukarmedverknad i praksis

- Deltakarane vel sjølv kompetansemål etter læreplan for Vg3/ opplæring i bedrift.
- Tilpassa praksis ut frå eigen situasjon, men sluttsummen av praksis har same tal timar ved avslutta opplæring.
- Deltakarane får ansvar på lik linje med ein ordinær arbeidstakar. Dei må sjølve kontakte praksisplassen og skulen ved fråvær.



9.3 Ulike former for brukarmedverknad

Skulen sine deltakarar er kvart år med på den nasjonale vaksenopplæringsundersøkinga. For deltakarar med forholdsvis dårleg språkforståing, kan ei omfattande brukarundersøking vere både tidkrevjande og vanskeleg å gjennomføre. Mange er avhengig av støtte og hjelp for å gjennomføre den. Likevel er det verdifullt for opplæringsinstitusjonen å få tilbakemelding frå deltakarane på korleis dei opplever skule og praksiskvardagen sin. Ein "light" versjon av ei brukarundersøking kan vere eit godt hjelpemiddel for å utvikle opplæringa. Det må vere enkelt språk og ha ei gradering som er lett å kjenne att. Lærarane har valt å bruke talkoden 1-5, der 1 viser ikkje nøgd (dårleg) og 5 viser godt nøgd (best). En tilrår å bruke same kode gjennom heile undersøkinga.

Tema i undersøkinga kan vere:

- Trivsel og tryggleik i klassa.
- Fagleg innhald og lærar sin undervisning.
- Deltakarmedverknad og eigen arbeidsinnsats.
- Tilbakemelding frå lærarar.
- Praksis.
- Digitale verktøy.

Det vil alltid vere ein diskusjon kring når ein skal gjennomføre slike undersøkingar. Formålet med undersøkinga, er å få ei tilbakemelding frå deltakarane slik at ein kan gi ei opplæring av best mogleg kvalitet. Opplæringsinstitusjon/ lærarar har ansvar for å utvikle eigen undervisningspraksis. Ei undersøking som dette vil kunne vere med å bidra til nettopp det. Føresetnaden er at ein nyttiggjer seg av og bruker informasjonen som kjem inn.

9.4 Korleis bruke evalueringa i vidareutvikling av modellen?

Blir det gjennomført ei brukarundersøking bør resultatane presenterast så raskt som mogleg etter at undersøkinga er gjennomført og svara analysert. Det er viktig at resultatane vert presentert og diskutert med alle relevante

partar: deltakarar, lærarar, skulen si leiing, kontaktperson i praksisbedrift/ etat og leiar i bedrift/etat.

Tydeleg formidling og bruk av fleire kanalar er viktig for å nå alle partar.

Alternative informasjonskanalar kan vere:

- Å skrive ei kort oppsummering (med enkelt og tilgjengeleg språk) som vert sendt ut som info-brev på e-post og presentert på intranett. Det er fint å be om innspel og reaksjonar på resultatane.
- Presentere resultatane i dei ulike klassane og be om deltakarane sine reaksjonar. Presentere resultatane på eigne informasjonsmøte.
- Eller på samhandlingsmøta mellom ulike relevante partar. Det er viktig å setje av tid til reaksjonar og diskusjon.
- Bruke resultatane i planlegginga av nye klassar.
- Presentere resultatane for kommunen si leiing Invitere seg inn i etablerte fora, gjerne med fleire kommunar til stade og la resultatane frå brukarundersøkinga vere ein del av oppdatert informasjon om arbeidet.
- Bruken av resultatane i planlegging og som styringsinformasjon til leiinga blir slik ein naturleg del av kommunen si planlegging og internkontroll.

Evalueringa saman med innhenta statistikk vil igjen danne grunnlag for vurdering av behov for nye klassar, endringar i samarbeidet rundt opplæringa og eventuelle justeringar av praktisk og organisatorisk gjennomføring knytt til opplæringa. Basert på tilbakemelding frå deltakarane kan det bli behov for å vurdere den praktiske gjennomføringa av opplæringa i forhold til innhald og organisering. Dette kan vere mengde engelskopplæring, plassering av praksis i vekedagar og liknande. Brukerevalueringa og eventuelle nye krav frå læreplanar, støtteordningar og liknande kan også gi strategiske endringar i bruken av Gloppenmodellen. Dette kan vere forma på samarbeidet som følger gjennomføringa av opplæringa, finansiering av opplæringa eller andre overordna føringar for opplæringa. Gloppenmodellen bidreg slik til kontinuerleg læring for aktørane som er ansvarlege for gjennomføringa.

Sluttord

Prosjekt Gloppenmodellen

Dette har vore ei spennande reise. Det som seinare fekk namnet Gloppenmodellen starta med ei helsefagklasse på Firda vidaregåande skule hausten 2013. I løpet av dei siste åra, har denne fagutdanningsmodellen breidd om seg. Frå hausten 2021 er det klassar ved alle dei vidaregåande skulane i Nordfjord som er lagt opp etter denne modellen.

Våren 2019 fekk ei prosjektgruppe beståande av Gloppen kommune (prosjekteigar), bruker representant, NAV Gloppen og NAV Vestland, Firda vidaregåande skule og Vestland fylkeskommune og forskarar frå NORCE, tildelt tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) for å vidareutvikle Gloppenmodellen for drift, lage handbok, rettleiar og ein forskingsrapport.

Erfaringa dei fyrste åra var at oppstart av nye klassar, analyse av behov og elevgrunnlag var svært personavhengig. Målet med prosjektet var å gjere Gloppenmodellen meir robust og mindre personavhengig. Ein rettleiar og ei handbok vil gjere det enklare både lokalt, men og nasjonalt dersom nye klassar skal startast opp og gjennomførast etter modellen.

Det har vore eit nybrottsarbeid, og prosjektet har vore gjennomført i ei tid med store endringar og begrensningar, med både kommunesamanslåing, fylkessamanslåing, NAV regionreform, ny integreringslov, nye læreplanar, store regelendringar, samt Covid-19 pandemien. Prosjektgruppa vart satt saman for å sikre at det blei utvikla ein rettleiar som er i tråd med alle etatane sitt regelverk. Det er derimot viktig å påpeike at det å tilpasse modellen til nye lovar og nye strukturar, kjem til å vere eit kontinuerleg arbeid og i tida framover.

Prosjektgruppa vil takke for oppdraget, og for moglegheita til å jobbe med dette spennande og viktige arbeidet.

Prosjektgruppa:

Ann Iren Festervoll

Prosjektleiar Gloppenmodellen

Anette Aske Sollid

Lærer helsefag Firda vidaregåande skule samt sekretær i prosjekt Gloppenmodellen

Mari-Anne Sundal

Seniorrådgjevar seksjon kvalitet i opplæringa avdeling opplæring og kompetanse Vestland fylkeskommune

Egil Aas

Seniorrådgjevar Avdeling for tjenesteutvikling NAV fylkeskontor Vestland

Anita Lothe

Rådgjevar helse og omsorg Gloppen kommune

Sambra Ytbarek

Helsefagarbeidar og brukarrepresentant i prosjektet

Charlotte Østerbø Nilsen

Leiar avdeling for vaksenopplæring Firda vidaregåande

Astrid Espegren

Seniorforskar NORCE Norwegian Research Centre AS

Øyvind Hellang

Seniorforskar NORCE Norwegian Research Centre AS

Styringsgruppa

Gunnhild Gimmedstad

Kommunalsjef helse og velferd, Gloppen kommune - leiar for styringsgruppa

Rolf Årdal

Områdeleiar for opplæring Vestland fylkeskommune

Frode Storvik

Avdelingsdirektør strategi og samfunn, NAV fylkeskontor Vestland

Ann Iren Festervoll

Sekretær og prosjektleiar

Astrid Espegren

Seniorforskar NORCE – Norwegian Research Centre AS observatør med uttalerett

Øyvind Hellang

Seniorforskar NORCE – Norwegian Research Centre AS observatør med uttalerett



Ann Iren Festervoll



Sambra Ytbarek



Mari-Anne Sundal



Anette Aske Sollid



Egil Aas



Anita Lothe



Astrid Espegren



Charlotte Østerbø Nilsen



Øyvind Hellang



ISBN: 978-82-692726-1-1

Utgjevar: Gloppen Kommune • 2021
Saks nummer i kommunen: 19/365



GLOPPENMODELLEN

Ein fagutdanningsmodell